



ETTERRETNINGSTENESTA

FOKUS 2017



FOKUS 2017

Etterretningstenesta si vurdering av
aktuelle trygging utfordringar

Etterretningstenesta
1942–2017
75 år i teneste for Noreg

Rapporten «Fokus» frå Etterretningstenesta er ein av fire årlege trussel- og risikovurderingar. Dei tre andre er det Politiets tryggingsteneste (PST), Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) som gir ut.

■ **Etterretningstenesta** (E-tenesta) er den norske tenesta for utanlandsetterretning. Tenesta er underlagd forsvarssjefen, men arbeidet er ikkje avgrensa til militære problemstillingar. Hovudoppgåvene til E-tenesta er å varsle om ytre truslar mot Noreg og prioriterte norske interesser, støtte Forsvaret og forsvarsalliansar som Noreg tek del i, og støtte politiske avgjerdsprosessar med informasjon av spesiell interesse for norsk utanriks-, tryggings- og forsvarspolitik. I vurderinga «Fokus 2017» gir E-tenesta ein analyse av status og venta utvikling innanfor geografiske og tematiske område som tenesta meiner er særleg relevante for norsk tryggleik og nasjonale interesser. Etterretningsvurderinga har ein tidshorisont på eitt år og vert gitt ut i første kvartal.

■ **Nasjonalt tryggingsorgan** (NSM) er fagorganet for førebyggjande nasjonal trygging i Noreg. NSM gir råd om og fører tilsyn med mellom anna trygging av informasjon, objekt og infrastruktur av nasjonal verdi. Vidare har NSM eit nasjonalt ansvar for å detektere, varsle og koordinere handtering av alvorlege IKT-angrep. I rapporten «Risiko 2017» vurderer NSM risikoen for at samfunnet vert råka av spionasje, sabotasje, terror og andre alvorlege handlingar. Vurderinga vert gitt ut i første kvartal.

■ **Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap** (DSB) skal ha oversikt over risiko og sårbarheit i samfunnet. DSB har gitt ut scenarioanalysar sidan 2011.¹ Analysane omhandlar risiko for katastrofale hendingar som kan råke det norske samfunnet, og som Noreg må vere førebudd på. Analysane omfattar både naturhendingar, store ulukker og tilsikta handlingar. Dei har ein lengre tidshorisont enn dei årlege vurderingane frå dei tre andre etatane.

■ **Politiets tryggingsteneste** (PST) har primært ansvar for å førebyggje og etterforske straffbare handlingar som truar den nasjonale tryggleiken. Den årlege trusselvurderinga frå PST omhandlar forhold – særleg i Noreg – som kan påverke norsk tryggleik og skade nasjonale interesser i det komande året. Dette omfattar truslar frå statlege aktørar i form av utanlandske etterretningstenester, operasjonsmønsterar til desse tenestene i Noreg og aktuelle etterretningsmål. I vurderingane tek ein også føre seg truslar frå ikkje-statlege aktørar, og då først og fremst truslar om politisk motivert vald frå ekstreme grupper eller enkeltpersonar. Analysen har ein tidshorisont på eitt år og vert gitt ut i første kvartal.

¹ Fram til og med 2015 heitte scenarioanalysane frå DSB «Nasjonalt risikobilde». Dette namnet er frå og med 2016 endra til «Krisescenarioer (årstal) – analyser av alvorlege hendelser som kan ramme Norge».

06 Generaløytnant Morten Haga Lunde

08 **RUSSLAND**

10 Samandrag

12 **Russisk militærmakt**

13 Bruksområdet til militærmakta blir stadig utvida

14 Nye og betre kapasitetar aukar det russiske handlingsrommet i nærområda til Noreg

16 **Arktis**

17 Vekst i den sivile aktiviteten

18 **Utanriks**

20 Midtausten som ny hovudarena for russiske stormaktsambisjonar

22 Strategisk rivalisering med Vesten gjer situasjonen meir uføreseieleg

24 **Innanriks**

26 **Økonomi**

28 Russland – oppsummert

30 **DET DIGITALE ROMMET**

32 Samandrag

34 Meir aggressiv og målretta etterretningsverksemd mot Noreg

34 Russland prioriterer evne til sabotasje

36 Det digitale rommet – oppsummert

38 **MIDTAUSTEN OG AFRIKA**

40 Samandrag

42 **Midtausten**

43 Russland og Iran held liv i det syriske regimet

44 Latente konflikhtar blussar opp etter svekking av ISIL i Irak

47 Låg oljepris og stor folkeauke pressar autoritære statar

48 **Afrika**

50 Midtausten og Afrika – oppsummert

52 **INTERNASJONAL TERRORISME**

54 Samandrag

56 ISIL under aukande press i Midtausten og Afrika

59 Trusselen mot Vesten varer ved trass i eit svekt ISIL

60 Noreg og norske interesser er legitime, men ikkje prioriterte, mål

62 Internasjonal terrorisme – oppsummert

64 **MASSEØYDELEGGINGSVÅPEN**

66 Samandrag

68 Iran – redusert kjernefysisk trussel, men missilprogramma held fram

68 Asiatiske atommakter rustar opp

71 Nord-Korea nærmar seg evne til å levere atomvåpen

72 Masseøydeleggingsvåpen - oppsummert

74 **ASIA**

76 Samandrag


78 **Aust-Asia**

79 Intensiverte konflikhtar i Sør- og Aust-Kina-havet

80 Nordkoreanske atomtestar skaper regional splid

82 **Afghanistan**

84 Asia – oppsummert



08

RUSSLAND

Russland er oppteke av å styrkje innverknaden i resten av verda. Utviklinga vil halde fram i inneverande år.

30

DET DIGITALE ROMMET

Dei mest alvorlege truslane mot digitale system i Noreg vil også i år kome frå russisk og kinesisk hald.

64

MASSEØYDELEGGINGSVÅPEN

Medan Iran truleg vil overhalde pliktene i atomavtalen i 2017, er Nord-Korea uvillig til å forhandle bort våpenprogrammet sitt. Samtidig vert det utvikla og produsert missil i flere land.

74

ASIA

Den 19. partikongressen i Kina blir den viktigaste politiske hendinga i landet i 2017. Samtidig aukar faren for væpna samanstøytar i Aust- og Sør-Kinahavet, og spenningane i Aust-Asia vert forsterka.

38

MIDTAUSTEN OG AFRIKA

Mange statar i regionen ber framleis preg av at styresmaktene manglar kontroll i delar av landet. Delar av desse områda står i fare for å bli årestader for ulike terrorgrupper.

52

INTERNASJONAL TERRORISME

Terrortrusselen mot Europa frå militante islamistmiljø vil fortsetje i 2017. Medan ISIL er på vikande front, har al-Qaida styrkt posisjonen sin.

Fokus er ei ugradert vurdering som Etterretningstenesta har gjort av utviklingstrekk i utvalde geografiske område og innanfor utvalde tema, med prognose for forventa utvikling i 2017. Målet er å presentere tenesta sine overordna vurderingar av kva som kan ha vesentleg betyding for Noreg i året som kjem.

Ved inngangen til 2017 er det særleg tre utviklingstrekk som verkar relevante for Noreg og norske interesser:

Truslane i det digitale rommet mot politiske, militære og økonomiske mål i Noreg er aukande. Vi kan forvente omfattande etterretningsoperasjonar mot Noreg i året som kjem. Russland gjennomførte omfattande digitale operasjonar for å påverke valkampen i USA, og ein kan ikkje sjå bort frå at framande makter også kan forsøkje å påverke valet på ulike måtar her i Noreg og andre stader i Europa i 2017.

Terrortrusselen frå militante islamistar er generelt sett blitt meir alvorleg og kompleks. Talet på terrorangrep i Europa aukar, og dei fleste kan knytast til ISIL. Sjølv om ISIL vert svekt i Irak og Syria og kapasiteten til å gjennomføre sentralstyrte terrorangrep dermed blir redusert, vil organisasjonen sitt nettverk i Europa vere ein betydeleg trussel også i 2017.

For det tredje har dei geopolitiske motsetningane mellom Russland og Vesten auka markant i kjølvatnet av konfliktane i Ukraina og Syria. Vi står overfor eit militært styrkt og tryggingsspolitisk sjølsikkert Russland med auka vilje til å bruke makt for å hevde interessene sine. I dagens tryggingsspolitiske klima kan enkelt-episodar få alvorlege konsekvensar som ingen av partane i utgangspunktet ønskjer eller er tente med.

Det er mitt ønske at dette dokumentet skal bidra til å auke forståinga av forholda som påverkar norsk tryggleik, og dermed gi eit best mogleg grunnlag for avgjerdene som styresmaktene i Noreg fattar.

Generalløytnant Morten Haga Lunde
Sjef Etterretningstenesta

Redaksjonen vart avslutta 20. januar 2017.

Truslane i det digitale rommet mot politiske, militære og økonomiske mål i Noreg er aukande. Vi kan forvente omfattande etterretningsoperasjonar mot Noreg i året som kjem.





Vladimir Putin står fram som stadig meir eigenrådig, og dei russiske styresmaktene lanserer tiltak som styrkjer den interne kontrollen.

RUSSLAND

Trass i vanskeleg økonomi vil Russland framleis prioritere å utvikle våpenteknologi og å sikre at militærmakta kan brukast på flest moglege område. Ei tydeleg satsing på Nordflåten vil påverke også norske interesser. Innanriks står Putin fram som meir eigenrådig, med stor vilje til å halde intern kontroll fram mot presidentvalet i 2018.

SAMANDRAG

■ Trass i dei økonomiske utfordringane som Russland står overfor, vil militærmakta få auka evne og utvida bruksområde. Det vil bli sett inn nytt materiell, inkludert høgteknologiske kapasitetar som utfordrar vestlege forsvarssystem. Militærmakta har fått kamperfaring og auka kompetanse gjennom konfliktane i Ukraina og Syria. I sistnemnde konflikt har Russland på ny demonstrert evne til både å halde høgt tempo i operasjonane og å integrere ulike statlege verkemiddel. Trass i dei økonomiske kutta vil utviklinga av prioritert våpenteknologi halde fram i 2017. Derimot vil enkelte innkjøps- og moderniseringsprogram bli sette på vent.

■ Hovudoppgåva til Nordflåten vil framleis vere å levere delar av den strategiske russiske kapasiteten til kjernefysisk avskrekking og gjengjelding. Evna til å verne denne kapasiteten vert styrkt og med det også evna til å påverke norske interesser og norsk operasjonsfridom. Parallelt fokuserer russiske styresmakter i aukande grad på tryggingsspolitiske aspekt i Arktis-politikken og framhevar behovet for å styrkje den nasjonale kontrollen i ein region der den sivile aktiviteten på ny vert trappa opp.

■ I 2017 vil Russland vidareføre det militære engasjementet i Syria og destabiliseringspolitikken overfor Ukraina. Trass i ein hardare retorikk ønskjer ikkje Russland nokon direkte militær konflikt med NATO. Moskva opplever likevel at Vesten held fram med å utfordre Russlands strategiske hovudmål. Særleg i Syria har spenningsnivået mellom Russland og vestlege land auka, og dette skaper ein uføreseieleg dynamikk. Russlands vurdering av den utanrikspolitiske lina til den nye amerikanske administrasjonen vil få mykje å seie for vegvala landet vil ta i utanriks- og tryggingsspolitikken i 2017.

■ Etter fleire utskiftingar i eliten og oppsiktsvekkjande, korrupsjonsrelaterte arrestasjonar står president Putin fram som meir eigenrådig. Russiske styresmakter lanserer stadig tiltak for å styrkje den interne kontrollen, og er venta å fokusere særleg på innanrikspolitiske utfordringar fram til det planlagde presidentvalet i mars 2018. Styresmaktene sin kontroll vil neppe bli alvorleg trua i 2017, men auka utfordringar skaper likevel ein noko meir uføre-seieleg dynamikk.



Trass i ein hardare retorikk ønskjer ikkje Russland nokon direkte militær konflikt med NATO. Moskva opplever likevel at Vesten held fram med å utfordre Russlands strategiske hovudmål

Den sjølvutnemnde folkerepublikken Donetsk arrangerte trening i Donetsk-regionen i Ukraina i fjor.

Sigersdagen 9. mai vert kvart år markert med ein parade av russiske soldatar på Den raude plassen i Moskva.

RUSSLAND



[RUSSISK MILITÆRMAKT]

FORSVARSEKONOMIEN ER UNDER PRESS, MEN MODERNISERINGA HELD FRAM

For første gong på 15 år er det i 2017 venta kutt i det russiske forsvarsbudsjettet. Utviklinga av ny våpenteknologi vil halde fram, men serieproduksjonen av enkelte nye system blir truleg sett på vent. Det er vedteke å utsetje våpenprogrammet for perioden fram til 2025.

RUSSISK MILITÆRMAKT

I tiårsperioden 2005–2015 blei løyvingane til forsvarssektoren meir enn dobla, før forsvarsbudsjettet i 2015 kulminerte som det største på over 20 år. Styresmaktene planlegg å bryte denne trenden i 2017, når forsvarsbudsjettet truleg vert redusert. Ettersom kutta ikkje vert gjorde til fordel for andre budsjettpostar, vil den høge prioriteten til militærmakta likevel vere uendra.

Russland freistar å skjerme våpenprogrammet GPV-2020 frå nedskjeringar. Låg oljepris, vestlege sanksjonar og bortfall av utanlandske underleverandører gjer at programmet i 2017 likevel vil bli råka av både økonomiske kutt og forseinkingar i produksjonen. Utviklinga av ny våpenteknologi og nye våpenplattformer vil halde fram, men produksjonen av enkelte system blir truleg sett på vent. Samtidig ser det ut til at programomfanget blir moderert i forhold til dei uttalte ambisjonane til styresmaktene, og at den pressa økonomien dermed vil føre til auka behov for prioriteringar i innkjøpsprogrammet.

Våpensystem og våpenplattformer til dei strategiske kjernefysiske styrkane har sannsynlegvis høgst prioritet og blir neppe vesentleg råka av nedskjeringar. For anna materiell til sjø-, luft- og landstyrkane vil ein truleg prioritere serieproduksjon av eksisterande plattformer og system.


Etterfølgjaren til våpenprogrammet GPV-2020, GPV-2025, skulle etter planen starte i 2016, men har blitt utsett av president Putin. GPV 2025 skulle finansiere, utvikle og levere nye og høgteknologiske våpensystem, men ambisjonsnivået vil sannsynlegvis måtte reflektere end-

ringane i den russiske økonomien. Forseinkinga i arbeidet med nytt våpenprogram kjem i tillegg til ei rekkje andre faktorar som allereie har ført til utsette leveransar. Den viktigaste faktoren er ein hardt pressa forsvarsindustri som, i kjølvatnet av Ukraina-sanksjonane, må erstatte bortfallet av importerte komponentar. Russland vil sannsynlegvis søkje etter alternative leverandørar i andre marknader og i tillegg utvikle eigen produksjonskapasitet.

Bruksområdet til militærmakta blir stadig utvida

Budsjettkutta vil ikkje hindre at nytt og moderne materiell, inkludert høgteknologiske kapasitetar som utfordrar forsvarssystema i Vesten, blir teke i bruk. Russiske militæravdelingar har fått ytterlegare kamperfaring i Ukraina og Syria, der dei både har demonstrert eit høgre teknologisk nivå på materiellet og gjort erfaringar med fellesoperasjonar. Russland held dessutan fram med å demonstrere høgt operasjonstempo og integrasjon av statlege verkemiddel.

Dei militære operasjonane på Krim, i Aust-Ukraina og i Syria viser at den russiske militærmakta har lukkast med å utvide bruksområdet sitt. Nytt russisk materiell er teke i operativ bruk, og militære avdelingar har fått auka kompetanse gjennom reell kamperfaring. I tillegg har luft- og sjøstyrkane demonstrert evne til å råke mål ved



hjelp av langtrevende konvensjonelle presisjonsvåpen.

Bruken av russisk militærmaakt i utlandet har gitt både ein politisk og ein militær gevinst. I Syria har Russland vist seg som ein truverdig støttespelar for Assad-regimet, med evne til rask reaksjon og kraftfull maktprosjisering – og budskapet er tydeleg registrert i Midtausten. Støtta har gjort det nødvendig å overføre store mengder militært materiell til Syria, noko som logistikkmessig har vore krevjande. Viljen til å ta denne kostnaden gjer at Russland står fram som ein meir truverdig alliert.

Etter fleire år i konflikt har den russiske militærmaakta opparbeidd seg rikeleg erfaring med å planleggje operasjonar og gjennomføre kampanjar. Russland har vist ei pragmatisk tilnærming når praktiske utfordringar skal løysast. Døme er opprettinga av operasjonstilpassa kampgrupper (såkalla «bataljonsstridsgrupper») og sivile fartøy som har blitt hastekjøpte for å fylle kapasitetshol i den militære logistikken.

Russland erfarer sannsynlegvis at dei militære operasjonane i Ukraina og Syria har vore med på å utvikle russisk militærmaakt. Fleire erfaringar har overføringsverdi til annan framtidig bruk av militær makt. Operasjonane har hatt svært ulike karakter og forskjellig *modus operandi*, og det er såleis ikkje alle erfaringar og lærdomar som kan overførast direkte til framtidige konflikter.

Sjølv om kostnadene for deployeringa til Syria er høge, oppfattar Kreml dei som akseptable og overkomelege. Trass i dei økonomiske utfordringane ventar ein difor å sjå eit høgt aktivitetsnivå også i 2017.

Bruken av militærmaakt er tett knytt til Russlands vilje og evne til å bruke alle statlege verkemiddel. Evna til å overraske og raskt overføre styrkar føreset strategisk transportkapasitet, styrkar med låg reaksjonstid og systematiske tiltak som skjuler aktivitetar knytte til overføringa. Desse kapasitetane er betra gjennom modernisering og reformer dei siste fem–seks åra.

I både Ukraina-konflikten og Syria-operasjonen har Russland vist auka evne til å koordinere sivile og militære verkemiddel. Verkemidla inkluderer alt frå fornektning og desinformasjon på høgste politiske nivå til skjulte overføringar gjennom tildekt materiell og fjerning av kjennemerke. Slike tiltak skaper internasjonal uvisse rundt omfanget av og føremålet med det russiske engasjementet. Utviklinga vil truleg halde fram i det same sporet i åra som kjem.

Eit anna aspekt ved dei russiske operasjonane i utlandet er at dei har skapt ein arena for å prøve ut, demonstrere og marknadsføre nyutvikla materiell. Langtrekkande presisjonsvåpen inngår i det som Russland sjølv kallar «ikkje-kjernefysisk strategisk avskrekking». Både sjøbaserte landmålsmissil og luftleverte kryssarmissil vart

første gong nytta i ein kampsituasjon (mot mål i Syria) hausten 2015. Bruken av missila vart midtpunktet i ein breitt retta informasjonskampanje der avskrekkingselementet etter alt å dømme var overordna den militærtaktiske verknaden på den syriske borgarkrigen. Den massive mediemarksemda marknadsførte i tillegg produkta frå den russiske våpenindustrien.

Stadig større erfaringsgrunnlag og vedvarande innfasing av nytt materiell vil i 2017 kunne føre til at nye kapasitetar blir tekne i bruk. Desse kapasitetane kan omfatte fleire kategoriar av presisjonsvåpen i tillegg til både lette og middels tunge luftfartøy utan mannskap (UAV-ar).

Nye og betre kapasitetar aukar det russiske handlingsrommet i nærområda til Noreg

På Kola er Nordflåten i ferd med å fornye delar av kapasiteten sin for strategisk kjernefysisk avskrekking og gjengjelding. Evna til å verne denne kapasiteten aukar når nye ubåtar, fartøy og fly blir tilførte. Russland får dermed større høve til å påverke norske interesser og aktivitetar på land og på sokkelen. Utviklinga vil også få konsekvensar for Noregs moglegheiter til å utføre operasjonar på og frå eige territorium.

Kolahalvøya og dei arktiske områda er avgjerande for Russlands evne til å projisere makt. Det er i første rekkje dei strategiske ubåtane som står for den strategiske avskrekkinga, og fartøya vil også framover vere den høgst prioriterte militære verksemda i Nordvest-Russland. Vern om dei strategiske ubåtane er ein naturleg del av den strategiske avskrekkinga og difor ei viktig oppgåve for Nordflåten.

Meir personelltrening og tilførsel av nytt materiell aukar evna til å verne om ubåtane. Begge delar gir Russland større handlingsrom i nærområda til Noreg. Også mobile plattformer og langtrevende presisjonsvåpen styrkjer evna til å påverke sjø- og luftaksane inn mot Noreg. Kritisk norsk infrastruktur, både sivil og militær, er no innanfor rekkevidda til russiske missilsystem med høg presisjon.

At Russland prioriterer nordområda og Arktis høgt, syner seg i den omfattande reetableringa av infrastruktur i området, tilførselen av nytt og modernisert militært utstyr og dei stadig hyppigare og meir komplekse øvingane.

Både volumet og kompleksiteten i aktiviteten har auka i 2016. I sum betyr det at den russiske evna til å nekte norske og allierte sjø- og luftoperasjonar i nordområda har auka dei siste åra. Planlagt innfasing av modernisert og nytt utstyr vil truleg auke denne evna ytterlegare både i 2017 og i åra som kjem.



I september i fjor deltok russiske marinefartøy og helikopter i ei omfattande militærøving på Krim.



Russiske T-14 Armata-tanks på veg til Den raude plassen 9. mai i fjor for å feire sigeren i den andre verdskrigen.

Satellittbilete av Frans Josefs land, ei øygruppe i Nordishavet der russisk militærpersonell er utstasjonert.

RUSSLAND

[ARKTIS]

AMBISJONAR OM AUKA NASJONAL KONTROLL

Russiske styresmakter legg vekt på føremonane med stabilitet og samarbeid i Arktis-politikken sin. Samstundes vert regionen i større grad enn tidlegare sett på som ein tryggingspolitisk arena der Russland må forsvare interessene sine og sikre nasjonal kontroll.

ARKTIS

Russland har som primært mål å auke graden av nasjonal kontroll i Arktis i 2017. Den styrkte kontrollen skal hindre andre aktørar i å utfordre russiske økonomiske og militærstrategiske interesser i regionen når iskappa smeltar og tilgangen blir enklare.

For Russland fører målet om nasjonal kontroll i Arktis til auka sivil aktivitet og nærvær. Den militære infrastrukturen vert modernisert, og det vert jobba for eit formelt internasjonalt rammeverk i tråd med russiske interesser. I sistnemnde inngår det russiske arbeidet opp mot FNs kontinentalsokkelkommisjon for om mogleg å få støtte for ein utvida russisk «eigarskap til Arktis» innanfor det etablerte internasjonale regelverket.

Den primære utfordringa for russisk kontroll i Arktis vil i 2017 vere den økonomiske stoda. Sett med russarane sine auge vil dei økonomiske restriksjonane kunne føre til ein periode med eit svakare Russland i Arktis, der andre aktørar nyttar høvet til å styrkje sin posisjon. Enkelte sentralt plasserte avgjerdstakarar vil hevde at vestlege statar koordinerer forsøk på å svekkje Russland i Arktis.

Den krevjande økonomiske situasjonen gjer det vanskeleg å halde oppe framdrifta på alle enkeltprosjekt som styresmaktene meiner er viktige. For å kompensere for manglande progresjon i den langsiktige etableringa vil talet på høgt profilerte enkelthendingar med stor medieappell kunne auke. Den russiske basen Barneo nær Nordpolen vil kunne eigne seg for denne typen profilering. Også i 2017 vil basen bli brukt som ein symboltung arena for å hevde Russlands rolle som leiande Arktis-aktør både militært og innanfor turisme og forskning. Å profilere denne basen vil dessutan markere ei form for eigarskap til polpunktet.

Vekst i den sivile aktiviteten

Medan framgangen i nye Arktis-prosjekt bremsar opp, er det tydeleg progresjon å sjå i enkelte eksisterande energiprosjekt.

Arktis' primære verdi for Russland sivilt sett ligg i potensialet for utvinning av ressursar i regionen og i utsikta til å gjere Nordaustpassasjen til ei internasjonal handelsrute. Grunna låge energiprisar, vestlege sanksjonar og lita internasjonal interesse for transport gjennom regionen har

framgangen for fleire nye prosjekt bremsa opp. Derimot viser eksisterande energiprosjekt med lang tidshorisont tydeleg progresjon og bidreg til at tyngdepunktet i den russiske olje- og gassektoren flyttar seg stadig nordover. Fleire av prosjekta blei sette i gang før energiprisane fall. Også arbeidet med å utvikle andre ressursar på land i Arktis vil halde fram i tida som kjem – ikkje minst som følgje av det langsiktige behovet for å avløyse eldre felt lenger sør.

Den stigande petroleumseksporten frå russiske arktiske hamner vil vare ved både i 2017 og åra deretter. Rett nok vil ein del av den auka olje- og gasseksporten gå austover gjennom Nordaustpassasjen (særleg om sommaren og hausten), men mesteparten vil bli frakta vestover gjennom norske nærområde.

«For Russland fører målet om nasjonal kontroll i Arktis til auka sivil aktivitet og nærvær.»

Reduserte leitebudsjett gjeld i russisk olje- og gassektor som i verda elles. Dei langsiktige russiske ambisjonane for petroleumproduksjon i Arktis vert likevel reflekterte ved at seismikkskytinga på sokkelen held fram.

Utvinninga av naturressursar langs eller nær den arktiske kysten vil framleis vere eit viktig rasjonale for den russiske satsinga på sivil skipsfart i nord. Dei siste åra har russiske styresmakter lagt stor vekt på å forenkle det administrative rammeverket for kommersiell transport langs Nordaustpassasjen, og har dessutan investert i infrastruktur. Medan tanken tidlegare var å framheve den kortare avstanden mellom Europa og Asia via Nordaustpassasjen som konkurrent til Suez-kanalen, er ambisjonen no berre å ta seg av trafikken til og frå russiske arktiske hamner. Talet på transittar gjennom heile ruta var høgst i 2012, då isen i Arktis hadde si minste utbreiing. Sidan den tid har istilhøva variert, og det har vore dalande interesse for Nordaustpassasjen blant fartøy som seglar til og frå tredjeland.



Den økonomiske situasjonen i 2017 vil vere den største utfordringa for russisk kontroll i Arktis. Enkelte sentralt plasserte avgjerdstakarar vil hevde at vestlege aktørar koordinerer forsøk på å utnytte situasjonen for å styrkje posisjonen sin på kostnad av Russland.

Prorussiske opprørarar skaut mot den internasjonale flyplassen i Donetsk i 2014.

RUSSLAND

[UTANRIKS]

DESTABILISERINGA AV UKRAINA HELD FRAM

Russland held oppe presset mot Ukraina og styrkjer posisjonen overfor Kiev. Moskvas strategiske mål om innverknad og kontroll også over andre SUS-land verkar ikkje akutt trua, sjølv om situasjonen i Sentral-Asia vekkjer stadig større uro. Samstundes står Russland i mindre grad fram som ein regional politisk og økonomisk pol.

UTANRIKS

Russlands fremste utanrikspolitiske mål er framleis å styrkje kontrollen over tidlegare sovjetstatar, med Ukraina som høgste prioritet. Det langsiktige målet i Ukraina er å dreie landet tilbake i russisk interessesfære, først og fremst gjennom destabilisering og politisk press. Sjølv om det er ei stadig større utfordring at vestlege sanksjonar vert knytte til etterleving av fredsavtalen i Minsk frå hausten 2014, vil ikkje Moskva la utviklinga påverke dei strategiske måla landet har i Ukraina.

Moskva nyttar utbrytarrepublikane i Aust-Ukraina og forhandlingsarenaen i Minsk som instrument for å påverke Kiev vidare. Det siste året har det blitt etablert permanente russiske garnisonar langs grensa til Ukraina. Gjennom garnisonane kan Kreml utøve eit langsiktig press ved å auke eller redusere den militære trusselen på kort varsel for å påverke forhandlingsklimaet med Kiev og Vesten. Indikasjonar tilseier at Russland i 2016 auka innsatsen for å destabilisere Ukraina politisk. I sum styrkte Moskva posisjonen overfor Kiev.

I tillegg til Ukraina peikar Moldova, Georgia og Kviterussland seg ut som land der Russland er oppteke av å unngå å miste innverknad. Moldova og Georgia har lenge vore utsette for press på ei rekkje område og har dessutan russiskstøtta utbrytarstatar på territoriet sitt. I Moldova vart store delar av det proeuropeiske politiske miljøet diskrediterte i kjølvatnet av ein omfattande korrupsjonsskandale hausten 2015, og den prorussiske politikaren Igor Dodon vart vald til ny president i november 2016. Dermed har Russland neppe det same behovet som tidlegare for å forsøkje å styre utviklinga i Moldova aktivt. Georgia fører på si side framleis ein provestleg utanrikspolitikk. NATO-medlemskap verkar likevel ikkje nært føreståande, og Moskva er truleg ikkje akutt uroa over utviklinga. Etter Ukraina-krisa har også Kviterussland freista styrkje banda til Vesten på kostnad av banda til Russland. Kviterussland er likevel så politisk, økonomisk og militært avhengig av den store naboen at det er grenser for kor langt president Lukasjenko kan gå i tilnærminga til vestlege land. I sum er det dermed usannsynleg at dei russiske interessene i Moldova, Georgia og Kviterussland vil bli alvorleg trua i 2017.

Med unntak av Kasakhstan er landa i Sentral-Asia i utgangspunktet lågare prioriterte i Moskva enn dei tidlegare sovjetstatane lenger vest. Russland ønskjer like fullt å vere den dominerande tryggingspolitiske aktøren i Sentral-Asia, mellom anna for å vege opp for den sterke økonomiske posisjonen til Kina. Etter som dei tryggingspolitiske utfordringane i regionen aukar, kan Russland bli tvinga til å vie området meir merksemd. Grunna stadig større økonomiske problem kan den politiske stabilite-

ten i dei fem sentralasiatiske landa Tadsjikistan, Usbekistan, Turkmenistan, Kirgisistan og Kasakhstan vere under press. Samstundes uttrykkjer Moskva frykt for at islamistiske terrorgrupper vil få auka fotfeste i Sentral-Asia. Både Russland og dei sentralasiatiske regima har klare eigeninteresser av å overdrive denne faren, men islamistisk ekstremisme har truleg potensial til å materialisere seg som ein auka trussel i tida som kjem. På kort sikt er det sannsynlegvis Tadsjikistan som er mest utsett for destabilisering.

«Indikasjonar tilseier at Russland i 2016 auka innsatsen for å destabilisere Ukraina politisk. I sum styrkte Moskva posisjonen overfor Kiev. I tillegg til Ukraina peikar Moldova, Georgia og Kviterussland seg ut som land der Russland er oppteke av å unngå å miste innverknad.»

Moskva vil i 2017 freiste vidareutvikle Den eurasiske økonomiske unionen (EEU). Unionen består per i dag av Russland, Kviterussland, Kasakhstan, Armenia og Kirgisistan, men integrasjonsarbeidet lid under manglande økonomisk substans i tillegg til misnøye i fleire av medlemslanda. Den vanskelege økonomiske situasjonen i Russland vil truleg skape utfordringar for vidare integrasjon også i 2017. Utviklinga i den militære samarbeidsorganisasjonen Collective Security Treaty Organization (CSTO), som omfattar Tadsjikistan og dei fem landa ovanfor, følgjer det same mønsteret. Det siste året har organisasjonen gjennomført fleire fellesøvingar, mellom anna i Russland, Kviterussland og Tadsjikistan. Organisasjonen har derimot ikkje lukkast med å opptre samla i reelle konflikhtar. Grunna motsetnadene medlemslanda imellom er det lite sannsynleg at Russland i 2017 vil kome nærare målet om å gjere CSTO til eit eurasiske motstykke til NATO.

Når Russland gjerne vil dominere nærområda, er grunnen dels ei blanding av historiske og kulturelle band til desse landa, dels eit ønske om å vidareføre ein tryg-

gingspolitisk buffer mot omverda. Russland ser på seg sjølv som ein av stormaktspolane i ei multipolar verd og ønskjer å vere omgitt av venlegsinna statar som i hovudsak orienterer seg mot Moskva. Difor er det avgjerande for Russland å hindre land i nærområdet i å utvikle tette økonomiske og politiske band til Vesten.

Midtausten som ny hovudarena for russiske stormaktsambisjonar

Russland posisjonerer seg stadig sterkare i Midtausten. Det militære engasjementet i Syria vil halde fram, men ein freistar avgrense konflikten til eit handterleg nivå.

Gjennom intervensjonen i Syria vart Russland igjen introdusert som ein nøkkelspelar i Midtausten. Moskva nådde hovudmåla med militærkampanjen ved å stabilisere Assad-regimet og styrkje det militære nærværet sitt i regionen. Etter at Syria-operasjonen byrja i september 2015, har Russland også intensivert den diplomatiske verksemda overfor andre land i Midtausten, mellom dei Egypt, Libya, Algerie, Bahrain, Qatar, Iran, Saudi-Arabia og Jemen. Diplomatiske initiativ har som regel blitt følgde av avtalar om eksport av våpen og utvikling av energiressursar. Gjennom denne aktiviteten har Russland opna framtidige moglegheiter til å påverke land i regionen.

Utviklinga på bakken i Syria vil i 2017 dimensjonere dei russiske måla i Midtausten. For å kunne avgrense den militære innsatsen til eit handterleg nivå ønskjer Russland ei politisk løysing på Syria-konflikten. Samstundes vil Moskva truleg vere villig til å eskalere bruken av militær makt for å sikre seg den plassen ved forhandlingsbordet som ei politisk løysing krev. Trass i kunngjeringa om uttrekking i mars 2016 har Russland så langt valt å vidareføre støtta til Assad, i tillegg til å styrkje det militære nærværet permanent ved å inngå avtalar om faste basar i landet. Moskva vil vere svært negativ til alle initiativ som potensielt kan svekkje Assad-regimet og Russlands posisjon i Syria. Russarane er dessutan skeptiske til den vestlege militærinnsatsen mot ISIL, som dei trur kan bli retta mot Assad-regimet etter kvart. Den uklare situasjonen på bakken aukar også faren for utilsikta trefningar mellom russiske og vestlege styrkar i Syria.

I Midtausten har Russland i prinsippet fleire felles interesser med Kina, som Moskva har gjort ei høgprofilert politisk og økonomisk dreining mot i kjølvatnet av Ukraina-krisa. Resultata av den generelle tilnærminga mellom Russland og Kina er likevel blanda. Det siste året har verdien av handelen mellom dei to landa gått kraftig tilbake grunna låg oljepris, økonomisk krise i Russland og fallande vekst i Kina. Låge energiprisar har også skapt

ny uvisse rundt avtalen frå 2014 om storstilt eksport av russisk gass frå Aust-Sibir til Kina. På andre område – mellom anna jarnbaneprosjekt, kommunikasjonsteknologi og russisk våpeneksport til Kina – er biletet meir positivt. Russland har behov for ei økonomisk livline i ein periode der landet er utsett for vestlege sanksjonar og økonomisk nedgang. Kinas ønske om teknologi og naturressursar frå Russland gjer dermed at landa vil halde fram tilnærminga i 2017. Forholdet er like fullt asymmetrisk: Russland treng Kina langt meir enn omvendt.

Moskva har dei siste åra i større grad enn tidlegare vist teikn til å akseptere Kina som ein dominerande økonomisk aktør i Sentral-Asia så lenge Russland får bevare posisjonen som den sterkaste tryggingsspolitiske aktøren. Det siste året har ein likevel sett ting som tyder på at også Kina ønskjer å spele ei viss tryggingsspolitisk rolle i regionen, noko som truleg er ei kjelde til uro i Moskva. Avtalen mellom Putin og Xi frå mai 2015 om å koordinere «Silkeveg-initiativet» og Den eurasiske økonomiske unionen har så langt ikkje bore frukter. Dersom utfordringane ikkje vert løyste, kan rivaliseringa mellom Russland og Kina i Sentral-Asia atter kome til å vekse.

«Det overordna politiske målet til Russland i Midtausten er å demme opp for den globale innverknaden frå USA og Vesten.»

Russland og Kina vil, så langt dei kan, unngå ein forpliktande politisk allianse, først og fremst fordi dei ikkje ønskjer å bli dregne inn i nabostridane til kvarandre. Kina har ikkje ønske om å bli trekt inn i Russlands konfliktrar med land i SUS-området, og Russland ønskjer heller ikkje å bli involvert i Kinas potensielle konfliktrar med land rundt Sør-Kina-havet.

Det overordna politiske målet til Russland i Midtausten er å demme opp for den globale innverknaden frå USA og Vesten. Også Kina ser Midtausten som eit område der det er mogleg å motverke den globale dominansen til USA. Landet underteikna mellom anna ein avtale om militært samarbeid med Syria i august 2016. Kinas engasjement i Midtausten generelt, og i Syria spesielt, er i praksis likevel svært avgrensa. Det er dermed usannsynleg at Russland og Kina vil etablere eit militært samarbeid til støtte for det syriske regimet i 2017.

→

Røyken ligg tung over Aleppo etter at Assad-regimet bomba opposisjonskontrollerte område 29. oktober i fjor.



Biletet viser mellom andre Tysklands forbundskanslar Angela Merkel, Russlands utanriksminister Sergej Lavrov, Vladimir Putin, Frankrikes president François Hollande og Tysklands utanriksminister Frank-Walter Steinmeier under eit møte mellom dei tre landa i Berlin i oktober i fjor.

Strategisk rivalisering med Vesten gjer situasjonen meir uføreseieleg

Russlands strategiske rivalisering med Vesten har i 2016 skapt ein meir uføreseieleg situasjon, særleg i Syria. Korleis Moskva vurderer den utanrikspolitiske lina til den nye amerikanske administrasjonen, vil ha mykje å seie for den utanrikspolitiske kursen som Russland vel vidare.

Dei geopolitiske motsetnadene mellom Russland og Vesten vart i 2016 endå større. Enkelte forhold gjer likevel at Russland over tid må bevare ein viss pragmatisme overfor USA og europeiske land. For det første vil EU også i det vidare vere den klart viktigaste handelspartnaren for Russland, med olje og gass som dei primære eksport-artiklane. I mangel av tilstrekkeleg store alternative marknader har ikkje Moskva råd til ein full handelskrig med Vesten. Ein direkte militær konfrontasjon med Vesten ville dessutan vere ekstremt krevjande for Russland. I tillegg til dei enorme militære kostnadene ville ein konfrontasjon auke sannsynet for eit langt tyngre og meir omfattande sanksjonsregime som dagens Russland neppe vil ha økonomisk bereevne til å tole.

Den sterke strategiske rivaliseringa mellom Russland og Vesten i kjølvatnet av konfliktane i Ukraina og Syria gjer det like fullt vanskeleg å føreseie kva som vil skje vidare. I eit slikt klima kan enkeltepisodar få meir alvorlege konsekvensar enn det nokon av partane ønskjer eller ser seg tente med. Russland opplever at vestlege land, med USA i spissen, held fram med å undergrave dei tre strategiske hovudmåla til dei russiske styresmaktene: halde på makta, kontrollere dei russiske nærområda og ha ein status som global stormakt. I 2016 vart spennings-

nivået mellom Russland og Vesten særleg auka i Syria, og den kaotiske dynamikken på bakken gjer situasjonen uføreseieleg. I tillegg vil som nemnt den utanrikspolitiske lina til den nye amerikanske administrasjonen få mykje å seie for kva utanrikskurs Russland vel i næraste framtid.

Mistilliten til Vesten er sterk og ektefølt i store delar av den politiske eliten i Moskva. Desse miljøa meiner at EU og NATO fører ein militær, økonomisk og politisk oppdemningspolitikk mot Russland. Under Putin har det dessutan festa seg ei frykt for at vestlege land orkestrerer såkalla «fargerevolusjonar» i russiske nærområde med føremål å velte styresmaktene, dele opp Russland og sikre seg kontroll over naturressursane i landet. Denne førestillinga, som er særleg dominerande i tryggingstrukturane og i dei russiske væpna styrkane, blir brukt til å legitimere ønsket om å prioritere militæret. I den russiske forsvarsleiinga er ein særleg uroa for det ein oppfattar som ei utviding av den militære evna til NATO i Russland sine nærområde. Både missilforsvar i Polen og Romania og amerikanske planar om presisjonsvåpen med global rekkjevidd vert tolka i den retninga. Dei gjentekne påstandane om evig konfrontasjon med Vesten blir også nytta instrumentelt i russiske statsmedium for å sikre folkeleg oppslutnad om styresmaktene.

I Moskva har dei fleste lita tru på at sanksjonane skal bli letta så lenge det føreset at Minsk-avtalen om Ukraina blir etterlevd. Russland vil likevel halde fram lobbyverksemda overfor enkelte EU-land for å utfordre sanksjonsregimet. Det vil framleis vere uaktuelt for Russland å avstå Krim eller å godta at Assad-regimet i Syria vert svekt. I tillegg vil Russland sterkt motsetje seg både alle initiativ som utfordrar vetomakta til landet i Tryggingrådet i FN, og utvikling av kapasitetar i vestlege land som svekkjer Russlands evne til strategisk avskrekking.




Den 31. mai i fjor vart det arrangert toppmøte i Den eurasiske økonomiske unionen i Astana i Kasakhstan.




To russiske Sukhoi Su-25 bombefly på den russiske Hmeimim-basen i Latakia nordvest i Syria.

Utfordringar på alle kantar


Russland kjenner seg trua:



Islamistisk ekstremisme har truleg potensial til å bli ein auka trussel i dei sentralasiatiske landa, men Russland og desse regima har også ei klar eigeninteresse av å overdrive denne faren.



Russland og Kina vil halde fram tilnærminga. Økonomiske nedgangstider og vestlege sanksjonar gjer at Russland har behov for ei økonomisk livline, medan Kina på si side ønskjer russisk teknologi og naturressursar.



Under Putin har det festa seg ei frykt for at Vesten orkestrerer såkalla «farge-revolusjonar» i russiske nærområde for å velte styresmaktene, dele opp landet og ta kontroll over naturressursane.

Vladimir Putin og statsminister Dmitrij Medvedev under ei markering av Fred- og forsoningsdagen 4. november i fjor.

RUSSLAND

INNANRIKS

Neste presidentval i Russland skal etter planen finne stad i mars 2018. Medan valet rykkjer nærare, er landet på veg mot ein maktstruktur der president Putin tileignar seg stadig meir personleg makt. Parallelt er Russland i ein krevjande utanrikspolitisk og økonomisk situasjon som vil kunne tvinge fram upopulære avgjerder. For å sikre eigen posisjon og eigne politiske prioriteringar må Putin difor ta fleire viktige politiske grep i tida som kjem. Første bod er å sikre støtte i folket og handtere opposisjonelle straumdrag. Derneft må Putin sikre støtte frå den politiske eliten og handtere potensiell destabiliserande rivalisering mellom mektige aktørar.

Større rokeringar i den politiske eliten i 2016 tyder på at Putin ønskjer sterkare kontroll over statsadministrasjonen for å sikre politisk stabilitet og kontinuitet. Utskiftingane har råka fleire nivå i det politiske systemet. Inntrykket er at Putin peikar ut personar han ser på som trufaste støttespeararar, og som han ønskjer å ha med seg i den utfordrande tida som kjem. Mange nyttilsette vil stå i personleg gjeld til Putin for utviklinga av karrieren sin, og dei vil i mindre grad enn avtroppande embetsmenn vere jambyrdige med Putin i bakgrunn og erfaring. Ved å velje ut trufaste medarbeidarar freistar Putin å sikre at viktige liner i russisk politikk står fast. Det er framleis grunn til å vente eit autoritært Russland som med ulike verkemiddel motarbeider intern opposisjon, og som søkjer å hevde seg som motpol til vestleg innverknad på den internasjonale arenaen.

Saman med fleire korrupsjonsrelaterte arrestasjonar vil utskiftingane i den politiske eliten også kunne fungere som eit grep for å gi dei russiske styresmaktene større legitimitet i folket. Den 15. november 2016 vekte det oppsikt at økonomiminister Aleksej Uljukajev blei arrestert, skulda for korrupsjon. Dermed er han den første sitjande russiske ministeren på fleire tiår som har blitt arrestert. I statskontrollerte medium står Putin fram som ein handlekraftig leiar som tek ansvar for utviklinga i landet ved å rydde opp i korrupsjonssaker, og som tek grep for å effektivisere staten.

Sjølv om Putin freistar styrkje kontrollen til styresmaktene gjennom utskiftingar og arrestasjonar, er situasjonen til ei viss grad uføreseieleg. I Russland i dag er den politiske makta i hovudsak fordelt på grupper av individ og enkeltindivid, medan institusjonar spelar ei mindre avgjerande rolle. Den russiske politiske eliten er autoritær og sentralisert, og berre ei handfull avgjerdstakarar har reell avgjerdsmakt. Ein omfattande maktkamp mellom mektige grupper og individ kan potensielt få ein eigen dynamikk som er vanskeleg å kontrollere. I og med at dei russiske institusjonane er relativt svake, kan slike maktkampar få store konsekvensar for utviklinga innanriks.

Ved valet til Statsdumaen i september 2016 fekk Putins

parti, Sameint Russland, konstitusjonelt fleirtal. Samstundes var valdeltakinga rekordlåg, og det blei rapportert om fleire tilfelle av valfusk. Det vart likevel ikkje gjennomført demonstrasjonar eller andre protestar i samband med valet. Duma-valet markerte startskotet for ein periode med store innanrikspolitiske utfordringar for Kreml. Den økonomiske situasjonen er ei veksande utfordring som vil krevje harde prioriteringar. Sjølv om Putin framleis ser ut til å ha støtte i folket, viser meningsmålingar at stadig fleire er misnøgde med eigne levekår. Behovet for upopulære økonomiske grep i forkant av 2018 har nært opp under spekulasjonane om at presidentvalet vert framskunda til 2017, noko russiske styresmakter så langt har avvist.

«Større rokeringar i den politiske eliten i 2016 tyder på at Putin ønskjer sterkare kontroll over statsadministrasjonen for å sikre politisk stabilitet og kontinuitet.»

Frykta for politisk omvelting og sosial misnøye har blitt møtt med målretta tiltak for å styrkje den interne kontrollen og slå ned på opposisjon. Russiske styresmakter held fram med å prioritere forsvar og tryggleik og opparbeider seg stadig fleire verkemiddel som kan bidra til å sikre stabilitet. Eitt døme er Nasjonalgarden, som vart oppretta i mars 2016, og som er direkte underlagd Putin. Russiske styresmakter utøver kontroll over innbyggjarane også på andre måtar. Massemedia er underlagde statleg kontroll, og ytringsfridomen er i praksis avgrensa. Opposisjonell verksemd blir slått hardt ned på og avgrensa gjennom streng lovgiving. Det kjem også heile tida nye tiltak for å avgrense spelerommet til utanlandske aktørar i det russiske sivilsamfunnet. Kreml blir dessutan stadig meir oppteke av å fremje verdikonservative haldningar i det russiske samfunnet. I mangel på økonomisk velstand har Kreml dei siste åra freista etablere ein ny nasjonal visjon for å mobilisere rundt Putin og det russiske statsapparatet. Visjonen byggjer i hovudsak på patriotisme, med innslag av ortodoks kristendom, og baserer seg på ei forteljing om eit moralsk overlegent Russland som fortener internasjonal respekt.

Russiske styresmakter trappar opp den interne kontrollen gjennom målretta tiltak for å slå ned på opposisjonell verksemd, styrkje maktorgana og forme opinionen. Stylingsevna er difor ikkje venta å bli alvorleg utfordra i 2017, sjølv om auka utfordringar skaper ein noko meir uføreseieleg dynamikk enn tidlegare.

[INNANRIKS]

EIN MEIR EIGENRÅDIG PUTIN FOKUSERER PÅ POLITISK STABILITET OG KONTINUITET

President Putin tileignar seg stadig større personleg makt. Samstundes vert grunnlaget lagt for å sikre oppslutnad om det politiske systemet både frå eliten og i folket fram mot neste presidentperiode. Innanrikspolitiske utfordringar gjer situasjonen likevel til ein viss grad uføreseieleg.

Det historiske pundfallet etter EU-røystinga i Storbritannia i juni i fjor var godt synleg på storskjerm i Moskva.

RUSSLAND

[ØKONOMI]

UKLAR VEG UT AV DET ØKONOMISKE UFØRET

Nedgangen i russisk økonomi er venta å bli erstatta av tilnærma nullvekst i 2017. Vanskelege og upopulære avgjerder vert truleg utsette til etter presidentvalet, i den grad det er mogleg.

ØKONOMI

Utsiktene for russisk økonomi i 2017 er nokså svake. Den negative trenden begynte allereie før Ukraina-krisa, men vart forsterka både av det påfølgjande høge spenningsnivået i relasjonane mellom Russland og omverda og av oljeprisfallet frå sommaren 2014. Vestlege sanksjonar, russiske motsanksjonar og politisk uvisse har svekt tilliten til russisk økonomi. Som ein konsekvens krympa Russlands BNP med 3,7 prosent i 2015. Resesjonen heldt fram inn i 2016 med ein ytterlegare reduksjon på 0,5–1 prosent. Sjølv om resesjonen no vert erstatta av svak positiv vekst, er det tvilsamt om Russland vil oppleve ein like stor økonomisk vekst som under Putins to første presidentperiodar.

Inntektene til staten har falle kraftig sidan krisa starta, og er framleis på eit vesentleg lågare nivå enn før krisa. Utviklinga gjer underskotet i statsbudsjettet desto større. I 2017 vil budsjettunderskotet bli dekt inn gjennom midlar som vart sparte opp i dei åra då oljeprisen var høg og Russland hadde budsjettoverskot. Regjeringa reknar likevel med betydelege underskot fram til og med 2019. Det vil i så fall tømme reservane og svekkje evna til å finansiere mellom anna infrastrukturprosjekt og pensjonsutbetalingar.

Dagens politiske leiing har i liten grad reformert og diversifisert den oljeavhengige økonomien, og det statlege inntektsgrunnlaget vert neppe styrkt i særleg grad med mindre oljeprisen stig. Den i utgangspunktet låge statsgjelda må dermed auke, men det er usikkert kva moglegheiter Russland vil ha til å låne i kapitalmarknadene.

I sum vil regjeringa ha ei krevjande oppgåve med å balansere budsjettet i tida som kjem. Medan det har vist seg risikabelt å håpe på fornya oljedriven vekst, vil skatteauke vere upopulært og i seg sjølv kunne dempe veksten. På utgiftssida utgjør sosiale utgifter som pen-

sjons- og trygdeutbetalingar ei tung bør som den demografiske utviklinga tilseier vil bli endå tyngre i åra vidare. Pensjonsalderen må etter alt å dømme hevast kraftig, og storleiken på utbetalingane må avgrensast.


Nest etter sosiale utgifter står forsvars- og tryggingssektoren for dei største statlege utgiftene. Løyvingane til desse sektorane har auka monaleg så lenge Putin har hatt makta. Frå og med 2017 må likevel sjølv desse høgt prioriterte føremåla tole kutt.

«Den nasjonale politiske leiinga innser at det blir stadig meir presserande å ta grep om den økonomiske situasjonen i landet.»

Dei økonomiske vanskane råkar openbert også innbyggjarane. Sjølv om arbeidsløysa framleis er relativt låg, blir mange tvinga over i deltidsarbeid eller råka av reduserte, forseinka eller manglande lønsutbetalingar. Delen av innbyggjarane som lever på eller under fattigdomsgrensa, har auka kraftig dei siste få åra. Den nasjonale politiske leiinga innser at det blir stadig meir presserande å ta grep om den økonomiske situasjonen i landet, men Kreml ønskjer etter alt å dømme å vente med upopulære avgjerder til etter det komande presidentvalet.

Krevjande budsjettarbeid

Lever på gamle inntekter:



I 2017 vil underskotet i statsbudsjettet bli dekt inn av oppsparte midlar frå betre tider med høgre oljepris.



Reservane vil bli brukte opp, og det blir vanskeleg for Russland å finansiere ny infrastruktur og pensjonsutbetalingar.



Truleg vil pensjonsalderen hevast og utbetalingane reduserast på grunn av den demografiske utviklinga.

OPPSUMMERING RUSSLAND

Moskva er oppteken av å styrkje innverknaden i resten av verda, og dette sette stort preg på 2016. Utviklinga vil halde fram i inneverande år.

Ukraina

Den ukrainske assosieringsavtalen med EU tredde i kraft ved nyttår trass i press frå Russland. I den nye nasjonale tryggingstrategien til landet er Russland definert som primær trussel, og president Porosjenko opnar for å søkje om NATO-medlemskap etter folkerøysting. Russland vil vidareføre støtta til opprørarane for å destabilisere Ukraina.

Moldova

Utanom Ukraina er Moldova det landet som er mest utsett for destabilisering frå Russland. Republikken har i over 20 år vore utsett for russisk press på ei rekkje område og har ein russiskstøtta utbrytarstat på territoriet sitt. Det moldoviske arbeidet med å bli integrert i Europa har fått Moskva til å svare med truslar, økonomiske straffetiltak og støtte til separatistiske krefter. Presset held fram i 2017.

Nordområda

Russland er spesielt opptake av Arktis og nordområda i lys av dei uutnytta ressursane og den militærstrategiske verdien til desse områda. Det har ført til auka militær satsing i nord – primært av defensiv karakter, mot truslar frå nordleg hald. Samtidig aukar den russiske evna til å avgrense norsk og alliert handlefriheit i Norskehavet, Austersjøen, Nord-Atlanteren og Svartehavet.

Syria

I Midtausten vil Russland markere seg som ein sterk aktør med stor innverknad. Sjølv om det erklærte målet i Syria er å byggje ein internasjonal koalisjon mot ISIL, har Russland i praksis styrkt Assad-regimet gjennom å angripe andre opprørsgrupper. Operasjonen har gjort det mogleg å styrkje den diplomatiske kontakten med Vesten og vende fokus vekk frå Ukraina. Russland arbeider aktivt for ei politisk løysing i Syria, men risikerer å bli trekt ytterlegare inn i sjølve konflikten. Dette kan få store politiske, økonomiske og militære konsekvensar. Engasjementet har også demonstrert at Russland kan bruke langtrevkande presisjonsvåpen på kort varsel.

Russisk militærmakt




Tidlegvarslingsradarar, kombinert med den arktiske kjeda av luftvarslingsradarar, gjer at Russland no er meir årvake for rørsler nordfrå.



Hauten 2014 starta Russland etableringa av det strategiske luftvernssystemet SA-21 på Kola. Systemet er det same som Russland utplasserte i Syria i november 2015.



Nordflåten har fått nye atomdrivne ubåtar med interkontinentale kjernevåpenmissil. Den første ubåten i Severodvinsk-klassen er overlevert, og fleire ubåtar av begge typar er venta.



Også landstyrkar, leiingssystem, luftvern og etterretning får nytt materiell. Den første dedikerte arktiske brigaden vart oppretta i Alakurtti i 2013. Neste er varsla i år i området Jamalo-Nenetsk, 1600 kilometer aust for Noreg.

Kviterussland

Kviterussland er tett integrert med Russland, men har lenge freista unngå eit einsidig avhengnadsforhold. Landet freistar difor etablere eit tettare samarbeid med EU og europeiske land og valde å ikkje støtte den russiske intervensjonen i Ukraina. Forholdet til Kiev er godt. Kviterussland vil vidareføre dagens balansepolitikk, men risikerer dermed auka press frå Russland.

Kina

Eit dårlegare forhold til Vesten gjer at Russland søker å styrkje relasjonane til andre land. Samarbeidet med Kina er intensivert gjennom energipolitiske og militære avtalar i tillegg til hyppigare møte på toppnivå og vert omtala som ein strategisk partnerskap. Ulike tryggingsspolitiske og økonomiske interesser vil truleg avgrense moglegheitene for ein forpliktande allianse.

Russland kjem truleg også i år til å vidareutvikle konsept for digital sabotasje.

KAP. 2

DET DIGITALE ROMMET

DET DIGITALE ROMMET

Auka politisk spenning mellom Vesten og Russland fører til at det digitale rommet i større grad vil bli brukt til å støtte opp under press og truslar.

SAMANDRAG

■ Dei mest alvorlege truslane mot digitale system i Noreg vil i 2017 framleis vere av russisk og kinesisk opphav.

■ Russland vil halde fram med omfattande etterretningsverksemd mot norske mål. Den auka politiske spenninga mellom Russland og Vesten inneber at aktiviteten i større grad vil støtte opp under ulike former for press og truslar. Det vil bli gjort ei meir intensiv og systematisk kartlegging av sårbare punkt i kritiske system, samtidig som Russland kjem til å vidareutvikle operasjonelle konsept for digitalt støtta sabotasje.

■ Kinesisk aktivitet mot Noreg vil vere retta mot styresmakter, industribedrifter og teknologiselskap. Det pågåande kinesiske reformarbeidet vil føre til betre styrt og meir teknisk avansert verksemd.

**Den auka politiske
spenninga mellom
Russland og Vesten
inneber at aktiviteten
i større grad vil støtte
opp under ulike former
for press og truslar.**

**Meir aggressiv og målretta etterretnings-
verksemd mot Noreg**

**Russiske aktørar er svært aktive og driv både under-
gravande verksemd og tradisjonell etterretning. Styr-
kinga av dei statlege kinesiske innhentingsorgana vil
raskt gje resultat i form av betre styrt etterretnings-
verksemd.**

Hendingar som er observerte i 2016, viser at den russiske interessa for tradisjonelle politiske og militære mål i Norge varer ved. Russiske aktørar har i årevis freista trenge inn i datasystem som høyrer til norske styresmakter, og denne interessa vil halde fram. Ein annan kontinuerleg trussel mot norske verksemdar er inntrenging og kompromittering for å etablere skjult infrastruktur med føremål å innhente informasjon.

Eit russisk verkemiddel for å påverke vestleg opinion har dei siste to åra vore å manipulere sosiale medium. Aktiviteten omfattar mellom anna kartlegging av sosiale og profesjonelle relasjonar, trakassering og kapring av profiler. Det har vore fleire tilfelle med massefabrikasjon av klager til Twitter og Facebook for å stengje ned profiler, og infiltrasjon av venenettverk på sosiale medium blir brukt som utgangspunkt for å spreie desinformasjon og propaganda. Også sjukane og truslar gjennom masseutsending av tekst- og talemeldingar via telefon er eit verkemiddel som går att. Eit døme på sistnemnde er oppringingane frå eit russisk telefonnummer til tusenvis av polske soldatar og militærtilsette i november 2015.

**«Eit russisk verkemiddel
for påverke vestleg opinion
har dei siste to åra vore å
manipulere sosiale medium.»**

Eit meir aggressivt og sjølvhevdande Russland vil bruke ulike medium og metodar for å utfordre og konfrontere Vesten, som vi såg i samband med presidentvalet i USA hausten 2016. I tillegg til tradisjonell innhenting vil ein del av aktiviteten til dei hemmelege russiske tenestene vere driven av ein ambisjon om å svekkje og påverke nære naboland og vestlege samfunn. Slik aktivitet kan ventast i samband med dei viktige parlamentsvala i Europa i 2017. Provokasjonar for å teste vestleg handlekraft og politisk samhald kan bli nytta som verkemiddel for å skape spen-

ning. Det digitale rommet er i realiteten grenselaust, og ved å bruke grupper av stråmenn er risikoen for sanksjonar liten. Aktivitetane til dei hemmelege tenestene kan omfatte avsløringar, lekkasjar, planting og spreing av desinformasjon, og truslar mot namngitt personell.

Også kinesiske aktørar har i 2016 gjennomført operasjonar mot norske styresmakter og teknologiselskap, og det er venta at kinesiske aktørar vil halde fram aktiviteten i 2017. Industrispionasje mot norske teknologiselskap vil framleis stå for ein betydeleg del av den forventa aktiviteten. Blant dei aktuelle områda der det er forventa aktivitet, er fornybar energi og «grøn» teknologi, betra industriell produksjonskvalitet, utvikling av medisinar, og rombaserte system.

Infrastrukturen for framtidige operasjonar vil bli bygd ut vidare, og typisk vil mindre verksemdar som er sårbare grunna mangelfull datatryggleik, vere utsette. Teknikkane og metodane som dei kinesiske aktørane nyttar for inntrenging, er i utvikling og er forventa å raskt bli meir sofistikerte.

Russland prioriterer evne til sabotasje

**Russland vil i 2017 vidareutvikle konsept for offensive
operasjonar mot infrastruktur og kritiske system. I ein
spent situasjon kan Russland bruke digital sabotasje
som verkemiddel for å skape kaos og øve press.**

Russlands avgrensa teknologiske ressursar talar for ein strategi som råkar dei sårbare punkta i vestlege system. Følgjeleg blir det å utvikle digital sabotasjekapasitet eit verkemiddel for å jamne ut styrkeforholdet overfor Vesten. Provokasjonar kan bli nytta som eit instrument for å skape eller underbyggje spenning av politisk og militær art og dermed over tid utvide gråsona mellom fred, krise og krig.

Digital sabotasje fungerer som eit verkemiddel i eit overordna konsept som elles omfattar desinformasjon, manipulasjon, aggressiv propaganda og stimulering av sosial uro. Å forstyrre eller øydeleggje utvalde mål med høg økonomisk eller symbolsk verdi er ein måte å demonstere makt på. I ein konflikt vil målet vere å diskreditere styresmaktene til motstandaren, forvirre innbyggjarane og demoralisere militært personell. Føremålet med sabotasje er ikkje øydeleggingane i seg sjølve, men det å skremme og tvinge igjennom løysingar på russiske premisser.

Straumbrotet i Ukraina i desember 2015 er det einaste kjende dømet der ein vondsinna aktør utnytta tilgangen til styringssystem for å stengje ned distribusjonen av elektrisk kraft. To åtskilde ukrainske regionar vart råka samstundes, og totalt ein halv million innbyggjarar

**Viktig infrastruktur som straumforsyning
var eit mål for russisk sabotasje i Ukraina.**




mista straumen. Aktøren hadde infiltrert datanettverka til kraftselskapa mange månader i forkant, og det var framfor alt manglande datatryggleik som gjorde angrepet mogleg. Takka vere hurtig respons frå kraftselskapa varte straumbrotet i gjennomsnitt berre éin time. Sjølv om aktøren sikkert hadde venta ein meir omfattande og langvarig skade, gir hendinga eit erfaringsgrunnlag for å utvikle denne typen trussel vidare.

Digital sabotasje kan også vere å forstyrre eller undertrykke telekommunikasjon, kringkasting og Internett-medium. Føremålet er i slike tilfelle å manipulere opinionen og nasjonale avgjerdsprosessar. Ved å degradere og forstyrre infrastruktur og kritiske system gjennom stråmannsgrupper kan Russland stå fram som aggressivt samstundes som styresmaktene kan nekte for tilknytninga. Ettersom skadeomfanget vil vere avgrensa, er risikoen for eskalering liten sett frå eit russisk perspektiv.

**«Digital sabotasje fungerer
som verkemiddel i eit over-
ordna konsept som elles
omfattar desinformasjon,
manipulasjon, aggressiv
propaganda og stimulering
av sosial uro.»**

Russland kartlegg i eit lengre perspektiv også sårbarheiter og høvet til å utvikle verkemiddel retta mot infrastruktur og kritiske system. Føremålet er å skape eit størst mogleg russisk handlingsrom for å vise makt i ein eventuell framtidig konflikt.



Sivile syratar brukte ein traktor for å samle eigedelar i Aleppo etter at syriske regjeringsstyrkar tok tilbake kontrollen over byen.

KAP. 3

MIDTAUSTEN OG AFRIKA

MIDTAUSTEN OG AFRIKA

Midtausten vil framleis vere sentrum for mange stormakts-rivaliseringar i 2017, noko som vil forlengje konfliktane i land som Syria og Jemen. Samtidig er misnøya mot undertrykkjande regime stor, spesielt hos unge og folk med utdanning. Dette kan resultere i nye opprør og radikalisering.

SAMANDRAG

■ Undertrykkjande regime og vanstyre, statskollaps, borgarkrig, stormaktsrivalisering og militær innblanding frå eksterne makter vil fortsetje å prege Midtausten i 2017. Spesielt maktkampen mellom Saudi-Arabia og Iran er destruktiv. Ved å gi støtte til stridande partar er desse statane med på å forlengje og brutalisere konflikhtar i land som Jemen og Syria og å destabilisere statar som Bahrain. Rivaliseringa mellom dei to stormaktene gjer det vanskelegare å få slutt på konfliktane i regionen.

■ Samstundes stig presset mot autoritære regime – særleg som følgje av vedvarande låg oljepris og stor folkeauke. I kjølvatnet av den arabiske våren har regima stramma grepet heller enn å møte krava frå innbyggjarane om politiske reformer. Misnøya med sitjande regime er særleg sterk blant dei mange yngre og høgt utdanna innbyggjarane – og ideen om den arabiske våren lever vidare. Nye folkelege opprør er ikkje å sjå bort frå i året som kjem. Samstundes vil misnøya kunne føre til framvekst av nye radikale grupper.

■ I Syria vil borgarkrigen halde fram med same styrke i 2017. Etter over fem år med krig verkar det vanskeleg å få til ein fredsprosess. Borgarkrigen er sementert som ein stråmanns-krig der regionale og internasjonale stormakter kjempar om innverknad og har motstridande syn på korleis konflikten bør løysast. Russisk og iransk involvering har styrkt Assad-regimet, medan ekstern tilførsel av våpen og pengar er med på å halde oppe kampviljen blant dei mange motstandsgruppene.

■ Sjølv om ISIL er på vikande front i Irak, er det fare for at landet vert destabilisert ytterlegare. Latente konflikhtar mellom aktørar som til no har samarbeidd mot ISIL, vil truleg blusse opp. Hovudarenaene for desse konfliktane er Mosul, Kirkuk og Bagdad.

■ I Nord-Afrika og Sahel vert svake statar i aukande grad utfordra av militante grupper. Fordi statane manglar kontroll over eigne ressursar og territorium, vert ikkje-statlege aktørar styrkte. Dette forverrar tryggingssituasjonen. Særleg Libya og Mali er utsette.

Russisk og iransk involvering har styrkt Assad-regimet, medan ekstern tilførsel av våpen og pengar er med på å halde oppe kampviljen blant dei mange motstandsgruppene.

Syrias president Bashar Assad er meir og meir avhengig av støtte frå andre land. Her frå eit møte med Russlands president Vladimir Putin.

Sjiamuslimske militsgrupper viser motstand mot ISIL i byen Zarka vest for Mosul. I oktober i fjor starta irakiske styrkar gjenerobringa av Iraks nest største by etter at ISIL tok over kontrollen i juni 2014.

MIDTAUSTEN OG AFRIKA

KONFLIKTANE I MIDTAUSTEN VERT
DRIVNE AV STORMAKTSRIVALISERING

Iran, Saudi-Arabia og Tyrkia kjempar alle om innverknad i Midtausten. Maktkampen nærer lokale konflikhtar og gir små utsikter til å forhandle fram løysingar.

[MIDTAUSTEN]

MIDTAUSTEN

Stormaktsrivaliseringa mellom «sjia-aksen» (leidd av Iran) og «senni-aksen» (leidd av Saudi-Arabia) fører til lokale konflikhtar i Midtausten. Medan den Iran-leidde koalisjonen inkluderer Bagdad, Assad-regimet i Damaskus og libanesisk Hizbollah, består den saudiske «antiterror-koalisjonen» av 34 sunnimuslimske statar. Sistnemnde akse har først og fremst som mål å demme opp for den iranske innverknaden i regionen. Biletet vert komplisert ytterlegare av at også Tyrkia har ambisjonar om ein førande regional posisjon.

Det er fleire og samansette grunnar til at dei regionale stormaktene er så djupt involverte i dei pågåande konfliktane: For det første kivar Saudi-Arabia og Iran om å vere referansepunkt for dei andre landa i regionen. Slik sett dreier konflikten seg om kva politisk modell som skal råde: den republikanske, revolusjonære og sjiamuslimske som Iran fremjar, eller den monarkiske, konservative og sunnimuslimske som Saudi-Arabia fremjar. Tyrkia søkjer på si side å framstille seg som eit politisk-religiøst alternativ til saudisk konservatisme og har knytt band til Den muslimske brorskapen. Den ideologiske maktkampen kjem til syne ved at Saudi-Arabia, Iran og Tyrkia støttar ulike partar i dei ulike borgarkrigane i regionen. Stormaktsrivaliseringa er særleg tydeleg i konfliktane i Syria og Irak og bidreg til at lokale fredsløysingar i desse landa er avhengige av ekstern tilslutnad.

Omsynet til eigen tryggleik er ein annan grunn til at stormaktene engasjerer seg i lokale konflikhtar. Iran ser på Assad-regimet i Damaskus og Hizbollah i Libanon som eit forlengt forsvar som syter for strategisk djupn. Saudi-Arabia meiner på si side at ein regional innsats trengst for å hindre at sjiamuslimske grupper knyter seg tettare til Iran og iranske allierte i regionen. Frykta er særleg knytt til den sjiamuslimske minoriteten i den oljerike Austprovinsen i Saudi-Arabia. Dette omsynet er også ein del av grunnen til den saudiske involveringa i borgarkrigen i Jemen. Saudi-Arabia freistar hindre at grupper ved sørgrensa knyter sterkare band til Iran.

Vidare er innanrikspolitiske grunnar med på å låse regionale aktørar fast i ein maktkamp. Statane står overfor store politiske, økonomiske og sosiale utfordringar på heimebane. Det regionale engasjementet botnar dermed delvis i behovet for ein «lynvleiar» for eit utolmodig heimepublikum. Samstundes er den iranske demoniseringa av Saudi-Arabia og saudistøtta opprørsgrupper i Syria eit middel for å byggje oppslutnad om eige regime. Etter fleire år med politisk turbulens, aukande undertrykking og tap av legitimitet tek det iranske regimet i bruk militære middel utanfor landet for å få meir oppslutnad i folket.

Når stormaktene grip inn i konflikhtar i regionen, er det

også grunna militærstrategiske motiv. Saudi-Arabia har dei siste åra rusta opp den militære kapasiteten kraftig grunna den opplevde trusselen frå Iran og det iranske atomprogrammet. I tillegg er føremålet å etablere seg som førande militærmakt blant statane i Samarbeidsrådet for Golfstatane (GCC).

«Maktkampen forlengjer og brutaliserer lokale konflikhtar og gjer det vanskelegare å forhandle fram løysingar i Syria og Jemen.»

Maktkampen forlengjer og brutaliserer lokale konflikhtar og gjer det vanskelegare å forhandle fram løysingar i Syria og Jemen. Samstundes undergrev stormaktsrivaliseringa stabiliteten i ei rekkje andre land, særleg Libanon og Bahrain. Førstnemnde opplever ringverknadene av Syria-konflikten, medan Bahrain blir påverka negativt av kivinga om innverknad mellom Saudi-Arabia og Iran. Det verkar likevel lite sannsynleg at det vil bryte ut direkte krig mellom stormaktene i Midtausten.

Russland og Iran held oppe det syriske regimet

Russisk og iransk involvering vil styrkje det syriske regimet ytterlegare både militært og politisk i 2017. Støtta sikrar kjerneområda til regimet og reduserer kompromissviljen i politiske forhandlingar.

Assad-regimet i Syria er styrkt som følgje av omfattande støtte frå Russland og Iran. Det er særleg den russiske intervensjonen i borgarkrigen i 2015 som gjer at president Assad no står sterkare både militært og politisk.

Tapa som opposisjonen har lide i Aleppo, illustrerer at regimet – støtta av Iran og Russland – er militært overlegent i Syria. Så lenge opposisjonen er fragmentert og ikkje får ytterlegare støtte utanfrå (t.d. gjennom nye våpensystem), vil han fortsetje å bli svekt militært. Ein fragmentert opposisjon vil heller ikkje kunne bli eit politisk alternativ til Assad-regimet. I 2017 vil opposisjonen i aukande grad bli radikalisert ettersom dei moderate elementa anten vil inngå lokale våpenkviler med regimet eller bli absorberte av meir radikale grupper. I Idlib-provinsen vil opposisjonen framleis yte betydeleg motstand mot regimet i 2017.



Etter at Aleppo fall, har konflikten i Syria gått inn i ein ny fase der dei viktigaste aktørane står overfor eit vegval. Dei kan anten halde fram i det militære sporet eller satse på ei løysing som vert forhandla fram.

Regimet er styrkt i trua på at det kan vinne ein militær siger, og kampen mot den resterande opposisjonen i Nord-Syria vil truleg vere hovudprioriteten for regimet i 2017. På den andre sida er regimet heilt avhengig av russisk luft- og forsyningsstøtte. Militsstyrkar under iransk leiing og frå Hizbollah er også avgjerande for å fortsetje den militære framgangen og kontrollere område som er tekne tilbake.

Russland har neppe mål om ein total militær siger i Syria. Moskva er uroa for å hamne i ei militær hengjemyr og bli ståande att som faneberar i kampen mot ISIL. Russland er venta å halde fram den offensive militære støtta til Assad-regimet fram til ein ny administrasjon er på plass i Washington. På lengre sikt vil Russland mest sannsynleg prøve å få til ei politisk løysing i Syria og jobbe for ei effektiv byrdefordeling med USA og andre aktørar i kampen mot ISIL.

Kampen mot ISIL i Syria vil halde fram uavhengig av utviklinga elles. Sjølv om gruppa vert gradvis svekt av kampanjen til koalisjonen, vil ho framleis ha kontroll over delar av Aust-Syria i 2017.

Latente konflikhtar blussar opp etter svekking av ISIL i Irak

ISIL vil vere på vikande front i Irak også i 2017. Latente konflikhtar mellom andre aktørar vil blusse opp, og tryggingssituasjonen kan forverrast.

I 2017 vil det vere tre hovudarenaer for konflikt i Irak: Mosul, Kirkuk og Bagdad. Konfliktane i desse områda vil kunne eskalere mellom aktørar som i dag har ISIL som felles og samlande fiende. Bak konfliktane ligg ein kamp om makt og ressursar i tillegg til ideologisk usemje om korleis Irak skal sjå ut i framtida. Dei latente konfliktane i landet er komplekse og involverer mange aktørar som alle søker støtte frå ulike eksterne partar for å styrkje eigen posisjon.

Kampen om Mosul kjem til å prege Irak i dei komande månadene, og etterspelet vil bli vel så utfordrande som sjølve gjenerobringa av byen frå ISIL. Mosul er den nest største byen i Irak, provinshovudstad i Niniveh og eit sentralt handelsknutepunkt. Å ha kontroll her og i provinsen gir betydeleg økonomisk og politisk makt. Trass i ein sunniarabisk majoritet bestod Nineveh før som-maren 2014 av eit lappeteppe av folkegrupper med til dels motstridande interesser. Dersom ISIL vert drive

ut av byen, vil dei forskjellige gruppene freiste å fremje sine eigne agendaer, både gjennom lokale alliansar og ved å søkje støtte hos nasjonale eller regionale aktørar. Bagdad-lojale styrkar, Iran-nære sjiamilitsar og kurdiske sjølvstyremakter (KRG) vil alle forsøkje å vinne innverknad i Mosul. Dersom Bagdad eller KRG prøver å oppnå direkte kontroll i byen gjennom ikkje-lokale tryggingstyrkar, kan det leggje til rette for ny sunniarabisk motstand. Bruk av sjiamilits vil vere særleg betent, både for sunniarabarar og kurdarar.

«Kampen om Mosul kjem til å prege Irak i dei komande månadene, og etterspelet vil bli vel så utfordrande som sjølve gjenerobringa av byen frå ISIL.»

Kirkuk er det andre området der latente konflikhtar vil kunne blusse opp i kjølvatnet av eit svekt ISIL. Både kurdarane og styresmaktene i Bagdad gjer krav på Kirkuk. Då Bagdad mista grepet om Nord-Irak etter ISILs frammarsj i 2014, tok kurdiske styrkar kontroll over Kirkuk og andre omstridde område. Kirkuk er særleg attraktivt på grunn av dei betydelege reservane av olje og gass. Oljeressursane ved Kirkuk utgjer omkring 12 prosent av dei totale irakiske reservane, og kontrollen over dei er avgjerande for at kurdarane skal kunne bli økonomisk uavhengige av Bagdad. Trass i misnøye frå Bagdad si side har sentralstyresmaktene avgrensa moglegheit til å utfordre den faktiske kurdiske kontrollen over byen. Sjølv om spenninga mellom Bagdad og KRG aukar, er det lite sannsynleg at det vil eskalere til open krig mellom partane. Det er likevel ikkje umogleg at det oppstår nye trefningar mellom sjiamilits og kurdiske tryggingstyrkar lik dei ein har sett i den omstridde byen Tuz Khurmatu, sør for Kirkuk.


Bagdad sjølv er den tredje hovudarenaen for konflikt. Islamistiske sjiaparti dominerer det politiske livet i hovudstaden, og fragmenteringa i og mellom desse partia vil fortsetje å gjere politisk samarbeid og effektiv styring vanskeleg. Alle partia er tilknytte militsar, og den politiske →



Opprørssoldatar skyt mot regimetru styrkar i utkanten av Aleppo i august i fjor.



Irakiske soldatar held vakt med væpna køyretøy i al-Hadbaa-distriktet.



I september i fjor kom den irakiske statsministeren Haidar al-Abadi og USAs forsvarsminister Ashton Carter saman i Bagdad for å drøfte mellom anna strategien for å ta tilbake Mosul.



Tjukk, svart røyk stig opp frå eit oljefelt i byen Qayyara i Irak etter at ISIL råka området 9. desember 2016.

maktkampen kan føre til væpna konfrontasjonar. Sjølv om dei sjiadominerte partia står samla i kampen mot ISIL, er dei – nett som dei sunniarabiske motpartane – splitta i synet på Iraks framtid. Det viktigaste skillet går mellom grupper som søker å innføre eit iransk styresett, og grupper med ein meir nasjonalistisk agenda. Gjennom det iranske engasjementet i Irak vil Iran-nære parti truleg bli styrkte ytterlegare i tida framover. I motsetnad til statsminister Haidar al-Abadi, som vil ha ein allianse med vestlege land, ønskjer dei Iran-nære partia å bevare og styrkje dei eksisterande militsstrukturane og forsterke alliansen mellom Bagdad og Iran. Maktkampen gjer at statsministeren får svekt evna til å gjennomføre reformer av statsapparatet. Samtidig vert det økonomiske spelerommet til styresmaktene redusert grunna låg oljepris. Den svake økonomien er særleg alvorleg i lys av det akutte behovet for å byggje opp att område som har blitt utsette for enorme øydeleggingar i krigen mot ISIL. Utan atterreising vil ikkje styresmaktene kunne stabilisere desse områda.

Låg oljepris og stor folkeauke pressar autoritære statar

Låge oljeprisar og stor folkeauke fører til større press på dei allereie skjøre statane i Midtausten. Utfordringane kan føre til nye omveltingar i regionen.

På same måte som då den arabiske våren braut ut i 2011, står autoritære statar i Midtausten framleis overfor store utfordringar. Sjølv om statane vert pressa i varierende grad, vil særleg dei sosioøkonomiske tilhøva true stabiliteten i tida framover. Utfordringane vert no tilspissa ytterlegare som følgje av to faktorar: For det første gjer lågare oljeprisar det vanskeleg å bevare sjenerøse velferdsordningar. Dei låge oljeprisane råkar heller ikkje berre oljerike statar som Saudi-Arabia og Irak, men også til dømes Jordan og Libanon, som indirekte profitterer på høg oljepris. For det andre er regionen prega av stor folkeauke, og arbeidsmarknadene maktar ikkje å absorbere ein ung, velutdanna folkesetnad.

For å møte den nye økonomiske røynda må dei oljeeksporterande landa kutte utgifter og stramme inn velferdstilbodet – noko som er upopulært hos innbyggjarane. Dei låge oljeprisane legg særleg press på Saudi-Arabia og Irak. Hos sistnemnde står olje- og gassressursane for over 90 prosent av dei statlege inntektene, og prisetilfallet fører til at det blir kutt både i løningane til statstilsette og investeringane i infrastruktur.

Dei reduserte oljeinntektene påverkar stabiliteten ikkje berre i oljeeksporterande land, men også i land som

tradisjonelt har lent seg tungt på økonomisk støtte frå desse statane. Saudi-Arabia har fungert som ei økonomisk livline for oljeimporterende statar som til dømes Jordan og Egypt. Dei siste åra har Saudi-Arabia, Kuwait og Dei sameinte arabiske emirata stått for brorparten av den økonomiske bistanden til Egypt. Oljeprisfallet gjer det stadig vanskelegare å innfri løfta om bistand, og det vert sett strengare vilkår for vidare overføringar til Egypt.

«Omveltingane etter 2011 har ikkje ført til større politisk reformvilje blant regima i Midtausten – snarare tvert imot.»

Stabiliteten vert dessutan utfordra av folkeauken i Midtausten, der heile 40 prosent av innbyggjarane er under 25 år. Den demografiske utviklinga legg særleg press på arbeidsmarknaden, som ikkje evner å absorbere ein ung og veksande folkesetnad. Samtidig gjer dei økonomiske utfordringane det lite sannsynleg at trenden med aukande arbeidsløyse vil snu med det første. I tillegg vert land som Libanon og Jordan pressa av store flyktningstraumar frå det krigsherja Syria. Om lag 1,3 millionar syrarar oppheld seg i Jordan, medan Libanon huser 1,5 millionar av flyktningane. I Libanon er arbeidsløysa på over 20 prosent, og inntekta til store delar av folkesetnaden har på kort tid minka med opptil ein tredel. Kvar tredje libanesar lever no under fattigdomsgrensa.

Omveltingane etter 2011 har ikkje ført til større politisk reformvilje blant regima i Midtausten – snarare tvert imot. Fleire statar er prega av dei same strukturelle veikskapane som førte til den arabiske våren. Svekt økonomi, folkeauke og flyktningstraumar frå konfliktområde i regionen legg ytterlegare press på allereie svake statar. Faktorane som låg til grunn for den arabiske våren, er difor framleis til stades, og i fleire av landa til og med forverra. Som opprøret i Tunisia i 2011 viste, kan ein folkeoppstand kome plutselig og uventa. På sikt er det også ein reell fare for at statane i Midtausten i aukande grad blir utfordra av militante grupper, slik som særleg er tilfelle i Nord-Afrika og Sahel.

Soldatar frå Den libyske nasjonale arméen etter at dei hadde gjenerobra Quawarsa-området 19. november 2016.

MIDTAUSTEN OG AFRIKA

[AFRIKA]

MILITANTE GRUPPER TRUAR SVAKE STATAR I NORD-AFRIKA OG SAHEL

Manglande kontroll over eige territorium og eigne ressursar svekkjer statane i Nord-Afrika og Sahel og gjer det mogleg for ei rekkje militante grupper å styrkje seg. Situasjonen i Libya og Mali er særleg prekær.

AFRIKA

Svake statar i Nord-Afrika og Sahel vil framleis lide under ein vedvarande trussel både frå regjeringsfiendtelege grupper og styresmakter som er avhengige av militante ikkje-statlege aktørar. Den manglande evna til å hjelpe eigne innbyggjarar gjer at militante grupper får auka støtte og rekrutteringsgrunnlag. Dette forverrar tryggingssituasjonen og pressar statsmakta ytterlegare. Svak utøvande myndigheit i store geografiske område er også med på å gi terrornettverk stort handlingsrom og aukar trusselen mot regionen generelt og svake statsdanningar spesielt. Statar som Libya og Mali har svært avgrensa evne til å snu denne trenden i nær framtid.

Libya er prega av konflikten mellom dei to regjeringane, og deira allierte militsar, i høvesvis Tobruk og Tripoli. Denne maktkampen fører til eit kaos som andre militante grupper utnyttar. For desse er målet å behalde kontroll over territorium og fungere som tryggingsgarantist for militært og politisk svake styresmakter. Regjeringsvenlege militante grupper har i enkelte område teke over oppgåvene til statsmakta. Samlingsregjeringa manglar ein nasjonal tryggingstyrke som kan kjempe effektivt mot fiendtelege grupper. Dette gjer at regjeringa må setje sin lit til alliansar med venlegsinna militsar for å beskytte seg sjølve og utøve myndigheit. Samlingsregjeringa i Tripoli sit difor på militsane sin nåde og ikkje omvendt. Den sterke stillinga til militsane gjer det vanskeleg for styresmaktene å etablere ein nasjonal tryggingstyrke, eit fungerande statsapparat og eit statleg valdsmonopol.

Dersom samlingsregjeringa i Tripoli fell, er der ingen politiske alternativ som vil kunne sameine dei politiske fraksjonane i Libya. Resultatet kan bli ein eskalerande maktkamp mellom mektige militsar om å kontrollere territorium og vald mellom militsar som støttar ulike politiske alternativ.

I tillegg til konflikten i Libya blir tryggingssituasjonen

i Mali stadig verre. Militante grupper utnyttar det vek-sande konfliktnivået og ekspanderer stadig sørover frå område dei kontrollerer i Nord-Mali. Militante grupper får stadig større støtte hos innbyggjarane samtidig som tilliten til styresmaktene i Bamako vert svekt. I delar av Mali må ein fattig folkesetnad i aukande grad stole på andre lokale aktørar, og klanmedlemskap og etnisk tilhøyrslse blir viktigare. Stadig fleire lar seg rekruttere til separatistgrupper som kan tilby det einaste inntektsgrunnlaget lokalt.


«Dersom samlingsregjeringa i Tripoli fell, er der ingen politiske alternativ som vil kunne sameine dei politiske fraksjonane i Libya.»

Fredsavtalen i Mali er forhandla fram med bistand frå det internasjonale samfunnet, men er i praksis vanskeleg å realisere. Årsaka er at ei rekkje militante grupper ikkje vart inkluderte i samtalanene som leidde fram til avtalen. For styresmaktene i Mali er det ikkje aktuelt å reforhandle avtalen. Dersom han ikkje blir gjort gjeldande, vil ikkje tryggingssituasjonen bli betre.

Regionale terrornettverk i Nord-Afrika og Sahel – mellom anna al-Qaida i det islamske Maghreb (AQIM) – vil bli styrkte ytterlegare gjennom tettare samarbeid med lokale terrorgrupper og andre regjeringsfiendtelege aktørar. I det komande året vil spesielt det sentrale Mali merke eit aukande nærvær både av AQIM og lokale AQIM-lojale terrorgrupper. Styresmaktene vil ha svært avgrensa evne til å demme opp for denne trusselen.

Trua av militante grupper


Styresmaktene blir makteslause:




Militante grupper får auka støtte og rekrutteringsgrunnlag i dei svake statane i Nord-Afrika og Sahel.



Den sterke stillinga til militsane gjer det vanskeleg for styresmaktene i Libya å skape eit fungerande statsapparat.



Stadig fleire i Mali lar seg rekruttere til separatistgrupper som kan tilby eit lokalt inntektsgrunnlag.



INTERNASJONAL TERRORISME

Sjølv om ISIL er på vikande front, vil terrortrusselen mot Europa vare ved i 2017. Noreg vert framleis sett på som eit legitimt, men ikkje prioritert, angrepsmål.

Terroren råka Berlin 20. desember 2016. Ein lastebil som køyrde inn i folkemengda på ein av dei populære julemarknadene i byen, tok livet av 12 personar og skadde fleire.

SAMANDRAG

■ ISIL blir stadig meir pressa i Midtausten og Afrika. I tillegg til at gruppa mistar territorium kontinuerleg, blir økonomien svekt, og det militære presset aukar. ISIL vil ikkje evne å snu denne utviklinga det næraste året.

■ ISIL er på vikande front, men terrortrusselen mot Europa frå ISIL og sympatiserande militante islamistmiljø vil vare ved i 2017. Sjølv om kapasiteten til å gjennomføre sentralstyrte terrorangrep i Europa gradvis vert redusert som følgje av territoriale tap i Syria og Irak, vil den radikale valdsideologien til gruppa fortsetje å inspirere støttespelarar gjennom bruk av det digitale rommet.

■ Noregs posisjon i fiendebiletet til ISIL vert vurdert som uendra. Det betyr at ISIL og andre militante islamistgrupper framleis ser på Noreg og norske interesser i utlandet som eit legitimt, men ikkje prioritert, angrepsmål. Trusselbiletet kan likevel raskt bli endra dersom ISIL, al-Qaida eller andre militante islamistgrupper innlemmar Noreg konkret i erklæringar eller oppmodingar til angrep.

**ISIL er på vikande front,
men terrortrusselen
mot Europa frå ISIL og
sympatiserande
militante islamistmiljø
vil vare ved i 2017.**

Passasjerar og tilsette vert evakuerte frå terminalbygningen på Brussel lufthamn etter at to eksplosjonar gjekk av i avgangshallen 22. mars 2016.

ISIL under aukande press i Midtausten og Afrika

ISIL vert svekt i Midtausten og Afrika. Svekinga fører både til at gruppa endrar strategi, og at andre militante islamistgrupper får større innverknad.

ISIL vert svekt i Midtausten og Afrika, og utviklinga vil halde fram i 2017. Samanlikna med då ISIL var på sitt største, hadde gruppa i november 2016 mista rundt halvparten av territoriet som ho kontrollerte i Irak, og omtrent 25 prosent av områda som var okkuperte i Syria. Mange tusen ISIL-medlemmar har blitt drepne sidan 2014. Den viktigaste inntektskjelda er sannsynlegvis sal av olje og gass i tillegg til skattlegging og utpressing av innbyggjarane i områda som ISIL framleis kontrollerer. Inntektene har blitt reduserte betydeleg og i takt med tapa av territorial kontroll.

Også i andre land der det er etablert lokale filialar – mellom anna i Libya, Egypt og Jemen – er gruppa under sterkt press.

Tilstrøyminga av framandkrigarar til ISIL har blitt kraftig redusert sidan toppunktet tidleg i 2015. Det er fleire grunnar til dette. Blant dei mest sentrale er truleg at ISIL vert oppfatta som mindre attraktivt når gruppa kontinuerleg tapar territorium, og at det er blitt vanskelegare å ta seg inn i Syria. Sistnemnde heng først og fremst saman med at ISIL har tapt territoriet det hadde opp mot den tyrkiske grensa, samtidig som Tyrkia kontrollerer eige territorium strengare og har styrkt samarbeidet med europeiske land.

I året som kjem, vil presset mot ISIL vere størst i Irak. Det kjem i første rekkje av at motstandarar av gruppa i Irak prioriterer kampen mot ISIL høgt trass i fleire interne meiningsskilnader. I 2016 tapte ISIL fleire viktige byar i Irak, derimellom Fallujah, Ramadi, Bayji og Qayyara. På grunn av svekinga kunne operasjonen mot hovudsetet til ISIL i Mosul setjast i gang i oktober 2016.

ISIL vil også oppleve sterkare press i Syria. Bakgrunnen er først og fremst at Tyrkia involverte seg militært hausten 2016 og dermed bidrog til at ISIL mista tilgangen til grenseområda mot landet. Det militære presset mot ISIL i Syria vil likevel vere avgrensa ettersom berre eit fåtal av aktørane i Syria-krigen har kampen mot ISIL som høgste prioritet.

Utanfor Syria og Irak har ei rekkje lokale grupper svore truskap til ISIL, men også her er organisasjonen under betydeleg press. ISIL har i praksis mista territorial kontroll i Libya etter tapet av Sirte i september 2016. Organisasjonen kontrollerer dermed ikkje eit einaste landområde i Nord-Afrika. Sympatisørane i Algerie, Tunisia, Saudi-Arabia og Somalia er framleis svake, og ISIL har ikkje klart å styrkje kapasiteten nemneverdig i Jemen og Sinai. Svekinga i

kjerneområda i Irak og Syria vil kunne føre til at det blir mindre attraktivt for lokale grupper å knyte seg til ISIL. Ei slik utvikling vil også redusere oppslutnaden om ISIL-filialane som allereie er etablerte lokalt.

Når ISIL vert isolert og tapar terreng, vil også tilgangen på ressursar som olje, våpen og krigarar bli redusert. ISIL har i stor grad mista evna til å gjennomføre dei store militære offensivane som gruppa vart kjend for då ho tok landområde og byar i 2014. Det var frå slike operasjonar ISIL fekk våpen, ammunisjon og mykje av inntektene sine. Dei mobile bataljonane er i stor grad bundne opp langs dei mange militære frontane til ISIL, og det er avgrensa moglegheit til å samle større styrkar til ein ny territorial offensiv.

«Tilstrøyminga av framandkrigarar til ISIL har blitt kraftig redusert sidan toppunktet tidleg i 2015.»

ISIL blir nøydd til å tilpasse seg endringane og utarbeide ein ny strategi. I staden for å setje i verk større offensivar vil gruppa sannsynlegvis fokusere på defensiv krigføring. I Irak vil ISIL føre ein utmatningskrig både mot irakiske tryggingstyrkar og område som er kontrollerte av kurdarar og militsar. Målet til ISIL på kort sikt er å seinke offensiven mot dei resterande områda. På lengre sikt ønskjer ein å skape eit grunnlag som vil gjere det mogleg for ISIL å byggje seg opp att på same måte som då dei amerikanske styrkane trekte seg ut av Irak i 2011. I det nordlege Syria vil ISIL forsøkje å hindre at Tyrkia, Assad-regimet og grupper under Dei syriske demokratiske styrkane (SDF) kan angripe Raqqa – hovudsetet til ISIL i landet. Lenger aust vil ISIL framleis kontrollere og forsvare folketette område langs Eufrat. Det vil ta tid før opposisjonsgruppene på syrisk side har nok mannskap og kapasitet til å overta alle områda ISIL okkuperer. I Nord-Afrika og på den arabiske halvøya vil ISIL sannsynlegvis fortsetje å utføre angrep for å halde gruppa aktuell. ISIL vil i 2017 ikkje greie å snu den militære utviklinga der gruppa mistar stadig meir territorium. ISIL vil dermed bli ytterlegare svekt, men ikkje nedkjempa, i året som kjem.

Med eit svekt ISIL og framandkrigarar som reiser frå Syria og Irak tilbake til opphavslanda sine, vil ein på sikt kunne sjå ei styrking av lokale terrorgrupper. Forutan å etablere eigne grupper kan tilbakeførte framandkrigarar påverke kapasiteten, målvalet og ideologien til lokale og regionale ekstremistgrupper. Spesielt frå Nord-Afrika og



Irakiske antiterrorsoldatar i Al-Samah viser fram eit erobra ISIL-flagg.



Både soldatar, offiserar og sivile vart skadde då ISIL detonerte ei sjølvmoordsbombe i Karkuli aust i Mosul 24. november i fjor.



Eit irakisk flagg vaier over den tette, giftige røyken frå dei brennande oljeområda i Nord-Irak i desember 2016.



Irakiske styrkar i Hamam al-Alil-området 8. november, etter at dei hadde gjenerobra området frå ISIL.

Sahel har mange reist og slutta seg til ISIL i Syria og Irak. Her er det store område med låg myndigheitskontroll, og ein retur av mange framandkrigarar kan difor få konsekvensar for den regionale stabiliteten.

Trusselen mot Vesten varer ved trass i eit svekt ISIL

Det militære presset mot ISIL reduserer ikkje straks terrortrusselen mot Vesten og vestlege interesser. Sjølv om kapasiteten til å gjennomføre godt planlagde sentralstyrte angrep er redusert, vil gruppa framleis kunne nytte sosiale medium og propaganda for å instruere og inspirere støttespelarar til angrep i Europa.

Det massive militære presset mot ISIL i Irak og dels i Syria vil truleg gradvis svekkje evna som organisasjonen har til å gjennomføre godt planlagde sentralstyrte angrep i Europa. Å tape territorium, inntekter og personell vil over tid redusere evna til å finansiere angrep, trene og instruere angripingar og hjelpe dei med å reise til Europa. Det militære presset mot ISIL vil vidare føre til tap av sentrale leiargar, slik som då tidlegare leiad for eksterne operasjonar i ISIL, Abu Muhammad al-Adnani, blei drept i eit luftangrep i august 2016. Slike angrep er med på å gi leiinga innskrensa rørslefridom og svekt evne til å koordinere operasjonar. Kapasiteten til å detaljplanlegge angrep i Europa blir dermed redusert.

Terrortrusselen mot Europa i 2017 vil likevel vere ved omtrent som i dag. Dette heng saman med fleire faktorar: For det første vil det ta tid før konsekvensane av territoriale og økonomiske tap slår inn for fullt på angrepskapasiteten. Tidlegare angrep og avverja angrepsplanar har vist at ISIL i enkelte tilfelle har sendt personell til Europa mange månader før angrepet vert gjennomført. Angrep mot Europa som ISIL kan ha førebudd tidlegare i Syria og Irak, vil såleis framleis kunne gjennomførast. Presset på ISIL i Midtausten vil dessutan kunne styrkje gruppa sin intensjon om angrep i Vesten. Ønsket om å hemne seg på dei som undergrev «kalifatet», kan gi både

ISIL-leiinga og frittståande sympatisørar auka motivasjon til å angripe land som bidreg til den USA-leidde koalisjonen. Mediesenteret til ISIL, al-Hayat, lanserte hausten 2016 eit nytt propagandamagasin, *Rumiyah* (Roma). Det erstattar magasinet *Dabiq*, der tittelen viser til den syriske byen som ISIL mista kontroll over i oktober 2016. Tittelen og innhaldet i det nye magasinet kan tyde på at propagandaapparatet til gruppa ønskjer å avleie merksemda frå eigne tap gjennom å setje søkjelys på Vesten. I magasinet oppmodar ISIL til angrep mot vestlege mål og gir råd om framgangsmåte og val av mål og våpen. Det vert oppmoda til angrep som kan utførast av enkeltpersonar utan direkte styring frå ISIL. Den militære kampanjen påverkar først og fremst evna som leiinga i Syria og Irak har til å planleggje, førebu og gjennomføre sentralstyrte angrep. Slike sentralstyrte angrep har utgjort ein svært liten del av det samla talet på angrep i Europa dei siste åra. Dei siste to åra gjeld det berre Paris-angrepet i november 2015 og Brussel-angrepet i mars 2016. I tillegg har det vore avverja i underkant av ti planlagde sentralstyrte angrep.

«ISILs evne til å delegere og inspirere til angrep blir i mindre grad påverka av det militære presset på bakken i Syria og Irak.»

Fleirtalet av terrorangrep i Europa er med andre ord ikkje planlagde og førebudde av leiinga i Syria og Irak. I staden vert dei gjennomførte av støttespelarar i Europa på bakgrunn av direkte oppmodingar (*delegerte angrep*) eller generell propaganda (*inspirerte angrep*). ISILs evne til å delegere og inspirere til angrep blir i mindre grad påverka av det militære presset på bakken i Syria og Irak. Det kjem av at slike angrep vert fremja gjennom propaganda og sosiale medium og ikkje er direkte avhengige av trening, finansiering eller anna materiell støtte frå ISIL. Sjølv om propagandaapparatet gradvis vert brote ned som følgje av militært press, vil det ta lang tid før det ideologiske narrativet til gruppa er så svekt at det ikkje lenger inspirerer til angrep.

Det samla talet på terrorangrep i Europa var høgare i 2016 enn i 2015, og fleirtalet av angrepa var delegerte eller inspirerte. Samtidig har dødstala per angrep gått ned. Det



har samanheng med ein markant auke i bruken av kniv og stikkvåpen og ein betydeleg nedgang i bruken av skytevåpen. Dødstala per angrep er i gjennomsnitt langt lågare ved knivangrep enn ved bruk av skytevåpen og eksplosiv.

ISIL-medlemmar tek i aukande grad kontakt med personar i vestlege land for å få dei til å utføre angrep på vegner av gruppa. Veksten i slike delegerte angrep vil sannsynlegvis vare ved i 2017 og kan bli forsterka etter kvart som presset på ISIL aukar. Det har blitt vanskelegare for ISIL-operatørar å reise frå Syria og Irak til Europa. Dette, kombinert med ein sterk intensjon om å gjennomføre angrep, har truleg gjort at ISIL i større grad konsentrerer seg om å delegere oppdrag til sympatisørar som allereie oppheld seg i Europa.

«ISIL-medlemmar tek i aukande grad kontakt med personar i vestlege land for å få dei til å utføre angrep på vegner av gruppa.»

Sjølvsagt om talet på delegerte angrep aukar, er dei fleste angrepa i Europa framleis inspirerte angrep som vert gjennomførte av støttespelarar utan direkte kontakt med ISIL. ISIL og al-Qaida vil i sin propaganda truleg halde fram med å oppmuntre støttespelarar til å gjennomføre angrep på eige initiativ. Inspirerte angrep vil mest sannsynleg vere den dominerande angrepsforma i Europa også i det komande året.

Retur av europeiske framandkrigarar vil sannsynlegvis berre ha avgrensa negativ innverknad på trusselbiletet i Europa i 2017. Talet på europeiske framandkrigarar som lukkast i å returnere, vil truleg vere avgrensa. Fleire vert sannsynlegvis drepne under kampane, og dei som ønskjer å returnere, vil ha betydelege utfordringar med å kome seg ut av Syria og Irak og vidare til Europa. ISIL gir ikkje lenger løyve til å forlate Syria og Irak, desertering vert straffa med døden, og grensa mot Tyrkia er mindre tilgjengeleg. Samtidig vil enkelte ønskje å bli verande i område som er heilt eller delvis kontrollerte av ISIL, medan andre vil ønskje å reise vidare til eit anna konfliktområde. Blant dei som faktisk lukkast i å returnere, vil ein stor del dessutan bli rettsforfølgde eller underlagde anna oppfølging frå styresmaktene. På den måten blir trusselen dei utgjer, avgrensa ytterlegare.

Presset mot ISIL verkar også inn på trusselen frå andre militante islamistgrupper. Parallelt med at ISIL vert svekt, styrkjer al-Qaida sin posisjon. I tillegg til i Syria er al-Qaida representert gjennom filialar i Jemen, Somalia og Sahel-regionen. Filialane utgjer ein regional trussel mot vestlege interesser. Å vedlikehalde fiendebiletet av Vesten – spesielt USA – vil alltid stå sentralt i strategien til al-Qaida, ikkje minst for å styrkje samholdet blant militante islamistar. Angrep mot vestlege symbolmål er difor både legitimt og nødvendig for al-Qaida.

Det er derimot fleire forhold som taler imot at al-Qaida vil prioritere større sentralstyrte angrep i Europa i 2017. Sidan etableringa har mellom anna Jabhat Fath al-Sham (tidlegare al-Nusrah) – i samråd med leiande krefter i al-Qaida – arbeidd for å framstille seg sjølv som ein truverdig alliert for dei meir moderate opprørsstyrkane i Syria. Så lenge al-Qaida prioriterer kampen i Syria, er det lite sannsynleg at organisasjonen ser seg tent med å bli kopla til eit sentralstyrt masseskadeangrep i Vesten i nær framtid.

Sjølvsagt om styrkinga av al-Qaida vil kunne innebere ein auka trussel på sikt, gjer grunnane ovanfor at terrortrusselen mot Europa neppe blir vesentleg endra i 2017. Regionalt vil likevel al-Qaida framleis utgjere ein trussel mot vestlege interesser. Gruppa vil sannsynlegvis oppmode til soloangrep i vestlege land og fortsetje å etablere kapasitetar for å kunne gjennomføre angrep i Vesten dersom føresetnadene endrar seg. Det primære fokuset til gruppa vil likevel vere lokale konflikter og alliansebygging.

Noreg og norske interesser er legitime, men ikkje prioriterte, mål

Noreg er ikkje eit prioritert mål for ISIL eller leiinga i al-Qaida. Like fullt har begge grupperingane eit uttalt mål om å råke vestlege land og interesser og ser på Noreg som eit legitimt mål. Det generelle trusselbiletet mot vestlege interesser, kombinert med at val av mål også vert gjort opportunistisk, fører til at det vil vere risiko for angrep mot Noreg og norske interesser i utlandet også i 2017. Denne vurderinga vert underbygd vidare av at heimkomne framandkrigarar kan ha evne og vilje til å utføre mindre komplekse terrorhandlingar samtidig som ISIL og al-Qaida framleis fokuserer særleg på å inspirere sympatisørar i vestlege land til å gjennomføre angrep.


Terrortrusselen mot norske mål og interesser vil bli påverka negativt dersom Noreg vert innlemma konkret i erklæringar og oppmodingar frå ISIL, al-Qaida eller andre militante islamistgrupper. Det er så langt ingen indikasjonar på at ein slik endra prioritet frå ISIL eller andre liknande terrorgrupper vil finne stad.



Politiet på jakt etter terroristar i bydelen Schaerbeek etter angrepet i Brussel 2. mars i fjor.



Dei 84 som vart drepne under Nice-terroren 14. juli 2016, vart minna med eit blomsterhav på strandpromenaden.



MASSEØYDELEGGINGSVÅPEN

Sjølvs om det militære potensialet i det iranske atomprogrammet er redusert, utviklar landet avanserte ballistiske missil som potensielt vil kunne bere kjernevåpen. India, Pakistan og Kina moderniserer kjernevåpena sine, medan Nord-Korea ikkje er villig til å gi opp programmet sitt.

Nord-Koreas leiar observerer ein test av det nye ubåtbaserte missilet til landet.

SAMANDRAG

■ Iran har redusert det militære potensialet i atomprogrammet betydeleg etter at atomavtalen vart inngått i 2015. Samtidig legg Iran ned ein stor innsats både i å utvikle og produsere ballistiske missil. På sikt vil det kunne gi Iran meir avanserte missil med lengre rekkjevidd og evne til å bere kjernefysiske stridshovud.

■ Kina, India og Pakistan held samtidig på med ei modernisering og vidareutvikling av eigne kjernevåpen og leveringsmiddel. Kina styrkjer posisjonen som kjernevåpenmakt med nye strategiske missil. India viser stormaktsambisjonar gjennom å utvikle interkontinentale ballistiske missil og strategiske atomubåtar. Pakistan har på si side eit raskt veksande kjernevåpenarsenal og har ambisjonar om taktiske kjernevåpen som kan brukast på slagmarka.

■ Nord-Korea vil i 2017 jobbe vidare for å bli ei reell kjernevåpenmakt samtidig som landet legg ned ein betydeleg innsats i missilprogramma. Nord-Korea ønskjer å bli anerkjent som kjernevåpenstat og er ikkje villig til å forhandle bort våpenprogrammet sitt. Dersom Nord-Korea får reell evne til å true mål i Aust-Asia med kjernevåpen, vil det forsterke dei regionale tryggingsspolitiske spenningane.

**Nord-Korea vil i
2017 jobbe vidare
for å bli ei reell
kjernevåpenmakt.**

Biletet viser ein test av
missilet Musudan på
ein hemmeleg stad i
Nord-Korea.

Iran – redusert kjernefysisk trussel, men missilprogramma held fram

I inneverande år vil Iran sannsynlegvis overhalde forpliktingane i atomavtalen. Den omfattande satsinga på å gi missila betre kapasitet vert samtidig vidareført.

Atomavtalen vart inngått i 2015 med P5+1-landa (Kina, Frankrike, Russland, Storbritannia, USA og Tyskland). Det viktigaste føremålet med avtalen er å avgrense Irans evne til å produsere kjernevåpen, men innhaldet omfattar berre atomprogrammet og ikkje missilprogramma. Med atomavtalen har Iran fått internasjonal aksept for å drifte eit avgrensa, sivilt atomprogram. Landet kan dermed behalde uranindustrien, infrastrukturen og teknologien for å rikgjere uran. Sentrale, sensitive verksemdar får halde fram som før, om enn i redusert omfang. Ettersom sivil og militær atomteknologi i stor grad overlappar, vil landet framleis ha ein kjernefysisk terskelkapasitet.

«Alt i alt kan utviklinga føre til at Iran på sikt får meir avanserte missil som potensielt kan vere eigna til å levere kjernefysiske stridshovud.»

Samtidig har Iran eit omfattande missilprogram og mange utplasserte missil med ulik rekkjevidd. Iranarane utviklar stadig meir avanserte utgåver og har vist fram nye typar korttrekkande ballistiske missil. Desse skal kunne brukast mot skip og radarar og dermed ha ei militær rolle i ein eventuell regional konflikt. Iran har også eit aktivt romprogram som kan fungere som dekke for å utvikle langt-rekkande ballistiske missil. Alt i alt kan utviklinga føre til

at Iran på sikt får meir avanserte missil som potensielt kan vere eigna til å levere kjernefysiske stridshovud. Denne potensielle faren er ein del av Irans avskrekkingstrategi. Iran ser på risikoen for amerikansk aggresjon som svekt etter atomavtalen, men sentrale aktørar i regimet meiner at situasjonen raskt kan endre seg, og at USA på nytt kan stå fram som ein reell trussel.

Dei iranske stormaktsambisjonane er ein annan viktig motivasjon bak missilprogramma. Satsinga skal internt gjere regimet meir populært hos folket og eksternt bidra til å gi landet ei regional leiroll.

Asiatiske atommakter rustar opp


Kina, India og Pakistan moderniserer og vidareutviklar kjernevåpen og leveringsmiddel.

Dei kinesiske ballistiske missila har det siste tiåret vore gjennom eit moderniseringsprogram, og nye strategiske kapasitetar skal vere med på å styrkje landet som kjernevåpenmakt. Kina har mellom anna plassert ut kjernefysiske stridshovud på landbaserte ballistiske missil og har fleire strategiske ubåtar. Missila blir fordelte på system som er høvesvis kort-, mellom- og langtrevende. Arsenalet er betydeleg mindre enn det russiske, og våpena er meinte som minimumsavskrekking både i regional og global kontekst. Av dei opphavlege kjernevåpenstatane er det berre Kina som har erklært at det ikkje på noko tidspunkt eller under noko omstende skal stå for «førstebruk av kjernevåpen».


India legg i si avskrekking stor vekt på evna til gjengjelding og viser stormaktsambisjonar ved å utvikle interkontinentale ballistiske missil og strategiske atomubåtar. Det blir lagt mykje ressursar i dei strategiske ubåtane med tilhøyrande ubåtbaserte missil. India vil med dette for første gong ha ein strategisk kjernefysisk triade som →

Etter atomavtalen


Sikrar seg med missil:



Ettersom sivil og militær atomteknologi i stor grad overlappar, behold Iran ein kjernefysisk terskelkapasitet.



Iran ser på risikoen for amerikansk aggresjon som svekt, men meiner at situasjonen raskt kan endre seg.




Internt skal den iranske satsinga på missilprogram gjere regimet meir populært hos innbyggjarane.

Utanriksministrar møtest i samband med implementering av atomavtalen i 2016.



Biletet viser eit atomanlegg nær Arak og er teke dagen etter at Iran og den såkalla P5+1-gruppa vart samde om ein avtale som avgrensar Irans atomprogram, 14. juli 2015.





Den nordkoreanske leiaren Kim Jong-un i møte med forskarar og ingeniørar som jobbar med å utvikle det nasjonale atomvåpenprogrammet.



70-årsdagen til det nordkoreanske arbeidarpartiet vart markert med ein parade der ein viste fram missil som kan bere atomvåpen.

kan levere kjernevåpen frå land, sjø og luft. Utviklinga støttar opp om Indias forsøk på å vege opp for den kinesiske innverknaden i Asia.

Pakistan, som har eit raskt veksande kjernevåpenarsenal, har ambisjonar om å utvikle taktiske kjernevåpen som kan brukast på slagmarka. Ved å utvide kapasiteten sin til å produsere plutonium får Pakistan høve til å supplere arsenalet sitt med kompakte kjernefysiske stridshovud i åra framover. Implementeringa av dei taktiske kjernevåpena i dei nasjonale væpna styrkane vil gi tryggleiksmessige utfordringar knytte til fysisk sikring og spørsmålet om kor robuste kommando- og kontrollsystema er.

Dei strategiske missilstyrkane til Pakistan består av fleire ulike typar system – både konvensjonelle og kjernefysiske. Den viktigaste motivasjonen bak kjernevåpenprogrammet er strategisk avskrekking overfor India, som er konvensjonelt overlegent Pakistan. Pakistan opnar difor opp for førstebruk av kjernevåpen, og utviklinga av taktiske kjernevåpen er meint som avskrekking overfor India for å hindre konvensjonelle angrep.

Nord-Korea nærmar seg evne til å levere atomvåpen

Nord-Korea gjennomførte to atomprøvesprengingar i 2016 og er i ferd med å bli ei reell kjernevåpenmakt med evne til å true nabostatar.

Prøvesprengingane i 2016 skal ifølgje talsmenn for regimet ha vore vellukka, og det er frå før kjent at landet har eit stort arsenal av ballistiske missil for kort- og mellomdistanse. Trass uvisse om regimet si evne til å integrere atomstridshovud i missil, er det mogleg at Nord-Korea innan få år klarer å nå mål i Sør-Korea og Japan ved hjelp av kjernevåpen. På lang sikt vil missila deira også kunne få betydeleg lengre rekkjevidd. Nord-Korea har vist fram

mobile interkontinentale ballistiske missil i paradar, men det må meir testing til før missila er tilstrekkeleg pålitelege. I tillegg har landet testa det nye ubåtbaserte missilet sitt fleire gonger. Når dette systemet blir operativt, vil det kunne supplere det landbaserte arsenalet av missil i Nord-Korea.


«Trass i sterkt og aukande press utanfrå vil Nord-Korea vidareføre det ambisiøse kjernevåpenprogrammet sitt i 2017.»

I tillegg til å trappe opp atomprogrammet dei siste åra har regimet erklært at heile atomindustrien er knytt til det militære programmet. Prøvesprengingane kan indikere at landet har eit fungerande våpen. Det tekniske føremålet er å perfeksjonere og sertifisere ein påliteleg og føreseieleg design. Nord-Korea ønskjer truleg eit lite og lett stridshovud som lar seg integrere i dei ballistiske missila. Etter den siste kjernefysiske testen uttalte regimet at stridshovuda er standardiserte og kan plasserast på missila til den nasjonale strategiske styrken.


Trass i sterkt og aukande press utanfrå vil Nord-Korea vidareføre det ambisiøse kjernevåpenprogrammet sitt i 2017. Landet ønskjer å bli anerkjent som kjernevåpenstat og er ikkje villig til å forhandle bort våpenprogrammet. Dei næraste åra vert det truleg gjort fleire kjernevåpentestar for å byggje opp ei truverdig avskrekkingsevne og sikre at regimet overlever. Det er også knytt betydeleg nasjonal prestisje til våpenprogrammet. Eit Nord-Korea med kjernevåpen som faktisk kan true mål i Aust-Asia, forsterkar dei regionale tryggingspolitiske spenningane.

Ein utfordrande balanse


Fleire land i Asia moderniserer kjernevåpenprogramma sine:




India legg stor vekt på evne til gjengjelding og freistar vege opp for Kinas militære innverknad i Asia.



I Pakistan er utviklinga av taktiske kjernevåpen meint å skremme India frå konvensjonelle angrep.



Trass i sterkt press utanfrå kjem Nord-Korea til å vidareføre det ambisiøse kjernevåpenprogrammet sitt.



ASIA

Xi Jinping vil i 2017 bruke partikongressen til å styrkje den personlege makta si i Kina og kjem neppe til å justere den politiske kursen sin. Faren for væpna samanstøytar i Aust- og Sør-Kina-havet aukar, medan framgangen for Taliban i Afghanistan vil halde fram.

Eit japansk fartøy (t.h.) sprøyter vatn mot taiwanske fiskebåtar i «duell» med den taiwanske kystvakta (t.v.) i Aust-Kina-havet. Konflikten oppstod etter at fleire taiwanske båtar vart eskorterte av patruljeskip.

SAMANDRAG

■ Under den 19. partikongressen i 2017 vil Xi Jinping styrkje den personlege makta si ytterlegare ved å handplukke medlemmane til den nye leiinga av Kommunistpartiet. Trass i at mange i partiet er misnøgde med maktkonsentrasjonen, er det lite som taler for at Xi kjem til å justere den politiske kursen sin. Det finst ingen samla opposisjon, og heller ingen potensielle utfordrarar til Xi.

■ I 2017 vil faren for væpna samanstøytar i Aust- og Sør-Kina-havet auke. Kina har styrkt det militære grepet om Sør-Kina-havet og vil fortsetje å militarisere omstridde øyar og rev. Samtidig aukar Beijing presset mot Japan i samband med konflikten om Diaoyu-/Senkaku-øyane i Aust-Kina-havet. Militære fly, marinefartøy og kystvaktfartøy opererer tett på kvarandre i begge havområda. Faren for uhell eller mistydingar er difor betydeleg.

■ Nord-Korea testar stadig missil og atomvåpen, og dette forsterkar spenningane i Aust-Asia. Kina har protestert kraftig mot Sør-Koreas avgjerd om å utplassere eit amerikansk missilforsvar. Splittingane gjer det mindre sannsynleg at nabolanda til Nord-Korea blir samde om ein felles politikk, og dette er ei utvikling som Pyongyang stiller seg positiv til. Regimet til Kim Jong-un vil sannsynlegvis halde fram med provokasjonane og forsøkje å forsterke spenningane i regionen ytterlegare i 2017.

■ Taliban er i 2017 venta å styrkje den militære posisjonen sin i alle delar av Afghanistan, og afghanske tryggingstyrkar vil kome under stadig større press. Den militære framgangen til Taliban gir gruppa færre insentiv til å inngå ein fredsavtale. Den krevjande tryggingssituasjonen forsterkar den politiske ustabiliteten i Afghanistan, men Ghani-regjeringa vil sannsynlegvis overleve året som kjem.

**I 2017 vil faren for
væpna samanstøytar i
Aust- og Sør-Kina-havet
auke. Kina har styrkt det
militære grepet om
Sør-Kina-havet og vil
fortsetje å militarisere
omstridde øyar og rev.**

Dette flyfotoet viser Mischief
Reef i Sør-Kina-havet.

Den kinesiske presidenten Xi Jinping heldt i november i fjor tale under ein konferanse til minne om grunnleggjaren av det moderne Kina, Sun Yat-Sen.

ASIA

AUST-ASIA

Den 19. partikongressen, som Kommunistpartiet skal halde i oktober eller november, vil bli den viktigaste politiske hendinga i Kina i 2017. Under kongressen vil leiinga i partiet gjennomgå eit generasjonsskifte. Store delar av den øvste leiinga skal skiftast ut, og rekordmange nye medlemmar skal takast opp i dei sentrale partiorgana. Av medlemmane i den ståande komiteen til politbyrået er det truleg berre president Xi Jinping og statsminister Li Keqiang som kjem til å halde fram i stillingane sine.

Kongressen gjer det mogleg for Xi å plassere eigne allierte i sentrale leiarstillingar og ekskludere politiske motstandarar frå posisjonar som gir makt. Xi er avhengig av sterke støttespelarar for å lukkast med å gjennomføre dei ambisiøse reformene han har sett i verk, særleg på det økonomiske feltet. Xi har til dømes lansert ei såkalla «tilbodssidereform» der nøkkelelementet er å kutte i overkapasitet i industrien og leggje ned ulønsame stats-eigde bedrifter.

Så langt tyder mykje på at Xi står usedvanleg fritt til å handplukke dei han ønskjer å ha med i den ståande komiteen til politbyrået. Det kjem av at Xi har samla mykje makt i eigne hender i den første presidentperioden. I praksis har han langt på veg avskaffa systemet med kollektiv leiarskap basert på konsensus, og partidisiplin er prioritert over partidemokrati. I tillegg har Xi lukkast i å svekkje alternative maktfraksjonar i partiet. Her er mellom anna kampanjen mot korrupsjon eit effektivt verkemiddel. Venstresida i partiet og den meir moderate ungdomsligaen, som tidlegare har vore årestad for framtidige leiarar, har mista innverknad som følgje av fleire store korrupsjonssaker.

Mange i Kommunistpartiet er misnøgde med maktkonsentrasjonen, men det er lite som talar for at Xi kjem til å justere den politiske kursen sin. Det finst ingen samla opposisjon eller openberre utfordrarar til Xi. Biletet av Xi som Kinas sterke mann med ein lojal Folkets frigjøringshær bak seg har tvert imot stor appell hos folket. Xi har ein utanrikspolitisk visjon om å atterreise Kina som stormakt og er tydeleg på at han ikkje vil inngå kompromiss i saker som gjeld kinesiske «kjerneinteresser». Xis vilje til å godta eit høgre konfliktnivå og ta større risiko i utanriks- og tryggingspolitikken får mykje gehør hos kinesiske nasjonalistar. Dei aukande spenningane mellom Kina og andre land i regionen bidreg dermed heller til å styrkje enn å svekkje støtta til Xi.

Kommunistpartiet ønskjer seg ein sterk leiar som kan vere med på å gjere partiet meir styringsdyktig. På den andre sida skaper leiarstilen til Xi også nye utfordringar. Sentraliseringa av makt har gjort det uklart kven som har ansvar og myndigheit på ulike politikkområde.

Saman med korrupsjonskampanjen har uklarleiken ved fleire høve ført til handlingslamming. Politikken som vert utforma på toppen, ser vidare ut til å vere bygd på eit svakare informasjonsgrunnlag enn tidlegare. Det kjem dels av at eksterne rådgivarar spelar ei mindre rolle, og dels at faglege organ blir forbigåtte i viktige spørsmål. Dermed aukar faren for politiske feilvurderingar, både innanriks- og utanrikspolitisk.

«Den 19. partikongressen vil bli den viktigaste politiske hendinga i Kina i 2017.»

Sentraliseringa av makt rundt Xi Jinping har også ført til speulasjonar om at han planlegg å sitje som partisekretær i meir enn to periodar, og at det dermed ikkje kjem til å bli noko leiarskifte i 2022 slik det er planlagt. Dei første indikasjonane på kor lenge han ønskjer å sitje, vil kome allereie under partikongressen i 2017. Eit leiarskifte i 2022 krev at potensielle arvtakarar med rett alder og bakgrunn får sleppe til i den ståande komiteen til politbyrået i 2017 slik at dei kan få nødvendig erfaring frå den sentrale partileiinga. Dersom ingen openberre kandidat peikar seg ut under partikongressen, kan det vere eit teikn på at Xi freistar utsetje utnemninga av ein arvtakar, eller ein indikasjon på at partileiinga ikkje har klart å danne konsensus i spørsmålet om kven som skal ta over etter Xi. Fråværet av ein sannsynleg etterfølgjar etter 2017 vil bidra til uvisse kring både planane for neste leiarskifte og for normene som regulerer elitepolitikken i Kina.

Intensiverte konflikter i Sør- og Aust-Kinahavet

Trass i eit juridisk tap i striden om Sør-Kina-havet held Kina fram militariseringa av havområdet. Faren for væpna samanstøytar aukar.

Kina leid i juli 2016 eit politisk nederlag i striden om Sør-Kina-havet då landet tapte ei sak som Filippinane hadde reist for eit havrettstribunal i Haag. Avgjerda set strenge grenser for kva havområde Kina kan gjere krav på innanfor den såkalla nippunktslina. Kina boikotta prosessen heile vegen, og det er lite som tyder på at landet kjem til å endre åtferd vesentleg som følgje av avgjerda. →

[AUST-ASIA]

XI JINPING STYRKJER MAKTA SI YTTERLEGARE UNDER DEN 19. PARTIKONGRESSEN

President Xi Jinping vil styrkje den personlege makta si ytterlegare og sannsynlegvis handplukke medlemmane til den nye partileiinga i 2017. Den sterke posisjonen til presidenten vil truleg lette arbeidet med økonomisk reform. På den andre sida aukar faren for feilvurderingar og konflikter både innanriks- og utanrikspolitisk.

I etterkant av avgjerda har Kina styrkt det militære grepet om det aktuelle havområdet, mellom anna ved jamleg å patruljere med jagar- og bombefly. Kina held også fram med høg øvingsaktivitet. Eit av føremåla med den årlege russisk-kinesiske øvinga «Joint Sea», som vart gjennomført i Sør-Kina-havet i september 2016, var å øve på å vinne att okkuperte øyar. I året som kjem, vil Beijing vidareføre militariseringa av havområdet, og fleire av dei militære baseanlegga ved både Spratly- og Paraceløyane vil stå ferdige i 2017. Kina har som langsiktig mål å oppnå militær kontroll i Sør-Kina-havet.

«Den konfronterande kinesiske politikken bidreg til at kyststatane i Asia og Stillehavsregionen rustar opp militært.»

For å klare dette vil Kina sannsynlegvis på sikt freiste byggje ein flyplass ved det omstridde Scarborough-revet. Ein slik flyplass vil gi Kina ein trekant av baseanlegg med Spratly i sør, Paraceløyane i nordvest og Scarborough i nordaust. Kina har også varsla at landet kan opprette ei luftidentifikasjonssone i Sør-Kina-havet. Med kontroll over Scarborough vil Folkets frigjeringshær vere betre rusta til å hevde ei slik sone. På den andre sida ligg Scarborough nær amerikanske basar ved Filippinane. For å minske faren for konfrontasjon vil Kina sannsynlegvis velje å starte utbygginga på eit tidspunkt når USA er oppteke på anna hald. Det bilaterale forholdet mellom Filippinane og Kina er ein annan faktor som sannsynlegvis vil påverke kva tid Beijing vel å byggje ut Scarborough. Den nye presidenten på Filippinane, Rodrigo Duterte, har signalisert at han vil svekkje dei tryggingsspolitiske banda til USA og nærme seg Kina. Beijing vil sannsynlegvis ikkje forstyrre denne moglege omdreiinga i den filippinske politikken ved å provosere Manila.

Samtidig som den kinesiske militariseringa er med på å eskalere konflikten i Sør-Kina-havet, vil Beijing i 2017 truleg også auke presset mot Japan i samband med konflikten om Diaoyu-/Senkaku-øyane i Aust-Kina-havet. I august 2016 segla over 200 kinesiske fiskefartøy og ei rekkje kystvaktfartøy inn i området rundt øyane. At Kina trappar opp presset i Sør- og Aust-Kina-havet samtidig, representerer ein ny tendens: Kinesarane knyter no saman to konflikter som i utgangspunktet ikkje er direkte relaterte. Tidlegare har Kina freista hindre at konflikthane

i dei to havområda blussar opp samtidig. Endringa kjem av at Beijing meiner Japan blandar seg inn i konflikten i Sør-Kina-havet, og ønskjer å signalisere at slik innblanding vil føre til auka uro i Aust-Kina-havet.

Når kinesiske styresmakter er villige til å akseptere eit høgt konfliktnivå i to havområde samtidig, heng det også saman med grunnleggjande endringar i kinesisk utanrikspolitikkk dei siste åra. Sidan 2010 har Kina ført ein meir sjølvhevdande utanrikspolitikkk og gått vekk frå prinsippet om å halde ein låg internasjonal profil. Denne tendensen har blitt styrkt etter at Xi Jinping tok over makta i 2012.

Den meir konfronterande kinesiske politikken bidreg til at kyststatane i Asia og Stillehavsregionen rustar opp militært. Statane prioriterer i første rekkje maritim kapasitet og luft- og missilstyrkar. Mange av våpensystema har som føremål å verke militært avskrekkande på Kina. Fleire land vel vidare å utplassere kapasitetane sine på ein måte som direkte utfordrar dei kinesiske forsøka på å kontrollere Sør- og Aust-Kina-havet. Då Vietnam i august i 2016 plasserte rakettartilleri på Spratlyøyane, vart landet det første etter Kina til å militarisere øyane og reva i havområdet. Opprustinga hos kinesiske naboland vil vare ved i 2017, og det vil bli eit større våpenkappløp i regionen.

Faren for væpna konfrontasjon i Aust- og Sør-Kina-havet er aukande i 2017. Militære fly og marine- og kystvaktfartøy opererer tett på kvarandre, og faren for uhell eller mistydingar er betydeleg. Provoserande steg frå kinesisk side i 2017 – som å byggje ut Scarborough-revet eller opprette ei luftidentifikasjonssone – vil kunne auke faren for konfrontasjon.

Nordkoreanske atomtestar skaper regional splid

Nordkoreanske atom- og missiltestar skaper spenningar mellom Kina og naboland. Pyongyang vil sannsynlegvis halde fram testane i 2017 for å provosere fram endå sterkare gnissingar i regionen.

Nord-Korea har i 2016 trappa opp aktiviteten i atomvåpenprogrammet kraftig. Regimet til Kim Jong-un gjennomførte i januar og september sin fjerde og femte kjernefysiske test. To våpentestar på eitt år representerer ei markant eskalering ettersom det tidlegare har gått fleire år mellom slike testar. Landet har i tillegg testa ei rekkje missil.

Sjølvs om hovudføremålet med testane er å betre det nasjonale atomvåpenarsenalet, ønskjer Nord-Korea også å skape splid i Aust-Asia. Pyongyang vil hindre at statane i regionen samlar seg i ein felles front mot landet.



Konflikten mellom president Ghani og CEO Abdullah eskalerte hausten 2016.

På grunn av den intense rivaliseringa med Sør-Korea ønskjer regimet vidare å hindre ei betring av relasjonen mellom Seoul og viktige aktørar som Kina og Russland.

Provokasjonane frå Pyongyang i 2016 har skapt sterke splittingar. Usemja mellom Kina og andre regionale aktørar kom til syne i etterkant av den kjernefysiske testen i januar. Sjølv om Tryggingrådet vedtok ein ny FN-resolusjon, har ikkje Kina vore villig til å implementere sanksjonane fullt ut. Beijings tilbakehaldne line har vore særleg skuffande for sørkoreanarane. Sør-Korea har dei siste åra hatt eit relativt godt forhold til Kina. Den svake implementeringa av sanksjonsregimet stadfesta derimot for Seoul at Kina har som førsteprioritet å verne om regimet til Kim Jong-un, medan forholdet til Sør-Korea kjem i andre rekkje.

Sør-Koreas avgjerd om å utplassere eit amerikansk missilforsvarssystem forsterkar spenningane i forholdet til Kina. Seoul påpeikar at systemet er meint som forsvar mot den aukande atomtrusselen frå Nord-Korea, men kinesarane er uroa for at den såkalla TPY-2-radaren i systemet også skal kunne rettast mot Kina. Beijing fryktar vidare at radaren er del av eit større, integrert amerikansk missilforsvarssystem for regionen. Beijing har difor – saman med Russland – møtt avgjerda med kraftige protestar.

Motstanden frå Kina heng også saman med uro for å bli «omringa» av USA og deira allierte. Slik kinesiske leiarar ser det, er avgjerda om å utplassere eit amerikansk missilforsvar ei stadfesting og konsolidering av alliansen mellom Sør-Korea og USA. Kina fryktar også at avgjerda kan medverke til eit tettare tryggingssamarbeid mellom Sør-Korea og Japan, ettersom begge no inngår i USAs missilforsvarnettverk i regionen. Misnøya vil truleg dempe Kinas vilje til å leggje ytterlegare press på Nord-Korea.

«Nord-Korea har i 2016 trappa opp aktiviteten i atomvåpenprogrammet kraftig.»

For Nord-Korea har atom- og missiltestane i 2016 gitt positiv politisk utteljing. At USA og deira allierte står mot Kina og Russland i striden om missilforsvaret, er ei velkommen utvikling. Det er dermed sannsynleg at Nord-Korea held fram med provokasjonar og forsøk på å forsterke spenningane i Aust-Asia i 2017.

Leiaren for ei utbrytargruppe i Taliban, Mullah Abdul Manan Niazi, kjem for å halde tale for soldatane sine i Herat-provinsen i Afghanistan i mai i fjor.

ASIA



[AFGHANISTAN]

TALIBAN STYRKJER DEN MILITÆRE POSISJONEN SIN

Taliban styrkjer den militære posisjonen sin i alle delar av Afghanistan og set afghanske tryggingssstyrkar under stadig større press. Framgangen til Taliban er i kombinasjon med den politiske ustabiliteten i Kabul medverkande til at det ikkje har vore nokon reelle fredsforhandlingar.

AFGHANISTAN

I 2017 vil Taliban vere meir samla enn ved inngangen til 2016. Haibatullah Akhundzada tok over då den kontroversielle leiaren Mansour vart drepen av koalisjonsstyrkane i mai 2016, og vil halde fram med å konsolidere makta si saman med mektige nestleiarar. Den militære fløya i Taliban vil dermed kunne bruke mindre ressursar på å handtere interne feidar og meir på innsatsen mot dei afghanske tryggingssstyrkane (ANSF).

Eit meir samla Taliban vil høgst sannsynleg ekspandere i alle delar av Afghanistan. Organisasjonen utnyttar at tryggingssstyrkane ikkje berre er strekte og reaktive, men også slit med å handtere dei intense og samtidige militære operasjonane til Taliban. I reine tal er ANSF framleis den overlegne parten, men dei siste åra har styrkane blitt påførte stadig større tap, med kortare og meir ufullstendig opptrening av nytt personell. På sikt vil utviklinga by på betydelege utfordringar for styrkebrønnen til ANSF – både kvalitativt og kvantitativt. Dessutan er moralen hos dei regulære einingane svekt dels grunna tap, dels grunna vellukka informasjonskampanjar frå Taliban. Manglande kammoral hos dei regulære styrkane har ført til at dei afghanske spesialstyrkane i aukande grad blir brukte i første line. Dette vil over tid gjere at ANSF får redusert evne til å gjennomføre spesialoperasjonar.

Talibans venta militære framgang vil gi gruppa kontroll over nye distrikt. I aukande grad vil Taliban også styrkje aktiviteten langs hovudvegaksane og såleis redusere rørslefridomen for både ANSF og dei lokale innbyggjarane. Hovudstadene i Helmand, Uruzgan, Farah, Kunduz og Baghlan er særleg sårbare. På grunn av støtta frå koalisjonsstyrkane til ANSF vil Taliban sannsynlegvis ikkje klare å ta permanent kontroll over desse byane i 2017. Vidare vil Taliban heller ikkje klare å utfordre styresmaktene sin kontroll i Kabul, Jalalabad, Kandahar, Herat eller Mazar-e Sharif – dei fem regionale maktsentera i Afghanistan.

Taliban freistar også styrkje posisjonen sin ved å monopolisere opprøret. Organisasjonen prøver særleg å nedkjempe ISKP, som er filialen til ISIL i Afghanistan. ISKP har hovudbase i dei sørlege delane av Nangarhar-provinsen, men begynte i 2016 å rekruttere også i naboprovinsane. ISKP vart i 2016 sett betydeleg tilbake gjennom kampar mot Taliban, samtidig som ANSF og koalisjonsstyrkane i aukande grad konsentrerte seg om gruppa. ISKP vil i 2017 likevel klare å behalde eit visst nærvær i Nangarhar og områda rundt, men utsiktene til ekspansjon utanfor Aust-Afghanistan er avgrensa.

Den krevjande tryggingssituasjonen kombinert med framgangen til Taliban vil forsterke den politiske ustabiliteten i Afghanistan. Regjeringa til Ashraf Ghani fekk i 2016 verken gjennomført valreform eller det planlagde parlamentsvalet, og klarte ikkje å kalle inn til eit Loya


Jirga (stormøte) for å formalisere statsministerembetet til Abdullah Abdullah. Val og påfølgjande Loya Jirga kan tidlegast arrangerast våren 2017, men det er reell risiko for at regjeringa må avstå frå å gjennomføre valet grunna tryggingssituasjonen. Utan eit val blir legitimiteten til regjeringa svekt ytterlegare.

Den politiske ustabiliteten kjem også av store interne samarbeidsproblem i samlingsregjeringa til Ghani, og det er lite sannsynleg at situasjonen blir betre i 2017. Konflikten mellom Ghani og Abdullah eskalerte hausten 2016 til ein open maktkamp, men Abdullah vil neppe sjå seg tent med å bryte samarbeidet med Ghani.

«Det er lite sannsynleg at Taliban vil inngå ein fredsavtale i 2017.»

Trass i utfordringa frå Taliban, maktkampen med Abdullah og den veksande misnøya frå opposisjonen vil regjeringa til Ghani mest sannsynleg overleve inneverande år. Opposisjonen er enno ikkje sterk, samla og koordinert nok til å velte Ghani. Sjølv om opposisjonen er sameint i motstanden mot regjeringa, består han av personar med svært ulike agendaer. Dermed er heller ikkje opposisjonen eit truverdig styringsalternativ. Den viktigaste føresetnaden for at regjeringa og staten skal overleve vidare, er likevel politisk, militær og økonomisk støtte frå det internasjonale samfunnet.

Det er lite sannsynleg at Taliban vil inngå ein fredsavtale i 2017. Dette har fleire årsaker: Taliban ventar for det første å oppnå ein endå sterkare forhandlingsposisjon vis-à-vis regjeringa som følgje av den militære framgangen, og har såleis få insentiv til å inngå ein snarleg avtale. For det andre gjorde sannsynlegvis drapet på leiaren Mansour i mai 2016 det vanskelegare å argumentere internt i Taliban for ein fredsprosess. For det tredje er det betydeleg motstand i Taliban mot å inngå ein avtale før det internasjonale militære nærværet i Afghanistan er avvikla. Fredsproessen vert ytterlegare komplisert av motstanden som sentrale afghanske maktaktørar – både i og utanfor samlingsregjeringa – viser mot ein avtale. Ei politisk løysing vil innbere ei ytterlegare omfordeling av makt og posisjonar, og dette vil redusere innverknaden til ulike interessegrupper.





**«Vi står overfor eit militært styrkt
Russland som har større vilje til å bruke
makt for å hevde egne interesser.»**

GENERALLØYTNANT MORTEN HAGA LUNDE,
SJEF FOR ETTERRETNINGSTENESTA

